


sparebankstiftinga
sogn og fjordane

# Årsrapport
2025

# Innhald


| | |
|---|---|
| Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane | 3 |
| Våre gåvetildelingar | 4 |
| Kunst og kultur | 8 |
| Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv | 11 |
| Humanitære tiltak og helseformål | 15 |
| Samfunnsutvikling og sosiale tiltak | 19 |
| Klima, miljø og naturvern | 22 |
| Kompetanse, utdanning og forsking | 25 |
| Næringsutvikling | 29 |
| Furorevinnarar | 32 |
| Rammegåver | 36 |
| Miljø og berekraft | 43 |
| Styret si oppsummering av 2025 | 44 |
| Aktivitetsbasert resultatrekneskap | 48 |
| Aktivitetsbasert balanse | 49 |
| Kontantstraumoppstilling | 50 |
| Notar til rekneskapen | 51 |
| Revisjonsmelding | 57 |
| Sparebankstiftinga sine styrande organ | 59 |
| Styring og kontroll med stiftinga si verksemd | 60 |
| Oversikt over gåvetildelingar i 2025 | 61 |
| Opplysningar om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane | 66 |


## Vi skapar mangfald, trivsel og utvikling

www.sparebankstiftinga.no







FRAMSIDEFOTO er teken av Jostein Vedvik

GRAFISK UTFORMING: SpareBank 1 Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

# Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010 og er hovudeigar av SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Stiftinga eig 92,5 % av eigenkapitalbevisa i banken. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap av banken, utøve forsvarleg kapitalforvaltning og dele ut gåver til allmennyttige tiltak. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er blant dei største sparebankstiftingane i landet, målt i bokført forvaltningskapital.

Sparebankane har med si over 200 års historie hatt ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunna i Norge. Formålet med sparebankane var frå starten av at dei skulle vere støtte til sjølvhjelp for folk med små inntekter, og bidra til økonomisk sjølvstende og tryggleik for den enkelte. SpareBank 1 Sogn og Fjordane har røter heilt tilbake til 1842, då Førde Sparebank blei etablert. Gjennom samanslåing av 25 sparebankar er SpareBank 1 Sogn og Fjordane i dag den 7. største sparebanken i landet. Banken er ikkje børsnotert.

# Hovudformål

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har i sine vedtekter definert følgjande hovudformål:

- Stiftinga sitt formål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og vidareføre sparebanktradisjonane.
- Stiftinga sitt formål skal vidare vere å gi gåver til allmennyttige formål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til distriktet som har bygd opp kapitalen til SpareBank 1 Sogn og Fjordane.
- Stiftinga skal i tillegg forvalte midlane på ein formålstenleg måte ut i frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

# Visjon og verdiar

- **Visjon** Drivkraft for Sogn og Fjordane.
- **Verdigrunnlag** Mangfald, trivsel og utvikling.
- **Langsiktig** Vi skal forvalte sparebankarven – *i dag og i all framtid.* Vi skal setje av til reservar som sikrar det langsiktige eigarskapet til banken og kontinuitet i gåvetildelinga.
- **Uavhengig** Gåvesøkarar, forretningspartnarar, myndigheiter og ålmenta generelt må til ei kvar tid ha tillit til vår profesjonalitet og integritet.

# Våre gåvetildelingar

Arbeidet med gåvetildelingane er hovudaktiviteten i den daglege drifta av stiftinga. Sparebankstiftinga sitt mål er at gåvetildelingane skal gjere Sogn og Fjordane til ein betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som mangfald, trivsel og utvikling. Sidan oppstarten i 2011 har stiftinga bidrege med om lag 550 millionar kroner til samfunnsnyttige tiltak.

Dei årlege gåvetildelingane har auka betydeleg dei seinare åra, slik grafen under viser.




*Utvikling i årleg gåvetildeling i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, 2020–2025.*
*Tala viser sum i millionar kroner.*

Sparebankstiftinga sin formålsparagraf slår fast at midlane i hovudsak skal delast ut i området der verdiane er skapt historisk. Den geografiske fordelinga av midlane samsvarar derfor i grove trekk med SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt marknadsområde. I tillegg er ein del av midlane òg delt ut til regionale tiltak. Døme på dette er gåver som vert nytta til aktivitet i heile Sogn og Fjordane.

På neste side følger geografisk fordeling av gåvemidlane for 2025.




*Ut over dei ordinære gåvetildelingane på kommunenivå har Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane i 2025 også tildelt midlar til prosjekt og tiltak med regional karakter, som omfattar fleire kommunar eller større delar av Sogn og Fjordane. Desse tildelingane utgjer samla sett om lag 74 millionar kroner.*

*I Sunnfjord vart det i 2025 tildelt ti millionar kroner til det komande visningssenteret på Astruptunet.*

Tal søknadar som Sparebankstiftinga mottek varierer noko frå år til år. På den eine sida har god omdømebygging av stiftinga sitt gåvearbeid, samt auka gåvebudsjett, medverka til fleire søknadar. På den andre sida har stiftinga sin utstrekte dialog med lag og organisasjonar ført til at ein har samla fleire parallelle søknadar til felles prosjekt, og dermed bidrege til å redusere tal søknadar.

I 2025 fekk stiftinga 1 085 søknadar. Av desse vart 558 søknadar innvilga, noko som gir ein tildelingsprosent på om lag 51 % samanlikna med tal innkomne søknadar.

# Gåveåret 2025

Stiftinga har oppretthalde sitt mål om å bidra i endå større prosjekt enn før til positiv samfunnsutvikling. Til liks med 2024 har stiftinga gitt tilsegn om gåver til omlag halvparten av dei mottekne søknadane. I tillegg har stiftinga vidareført sin praksis med å utvikle samfunnsnyttige prosjekt sjølve, med bakgrunn i regionen sine behov.

Stiftinga har tildelt gåver til følgande formål:

- Kunst og kultur
- Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Humanitære tiltak og helseføremål
- Samfunnsutvikling og sosiale tiltak
- Kompetanse, utdanning og forsking
- Klima, miljø og naturvern
- Overordna næringsutvikling




*Gåvetildelingar i 2025 fordelt på formål.*
*Nokre tiltak har fleire formål og er derfor skjønnsmessig fordelt.*

**Vidare kan ein lese om nokre av tiltaka som stiftinga har støtta i året vi har bak oss:**

## DEI TO STORE LØFTA I 2025

**Totalt 149 millionar kroner delte vi ut frå overskotet til SpareBank 1 Sogn og Fjordane i 2025. To av dei store satsingane skal vere med å utvikle næringslivet i regionen og realisere eit nytt visningssenter etter ikonisk kunstnar.**



*I idylliske omgjevnader ved Jølstravatnet kjem det nye visningssenteret.*

For å ta sistnemnde først. Det nye visningssenteret etter Nikolai Astrup skal etter planen stå klart på Astruptunet på sørsida av Jølstravatnet i 2028 – 100 år etter den kjende kunstnaren sin død. Like før jul i 2025 kom gladnyheita om at senteret er fullfinansiert, blant anna etter at Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har løyvd 20 millionar kroner til senteret.

Den andre satsinga det vert referert til i ingressen er Drivkraft. Det er namnet på den nye næringsstiftinga som blei lansert av Sparebankstiftinga Sogn Fjordane og SpareBank 1 Sogn og Fjordane i fjor. Alfred Bjørlo har fått jobben som den første daglege leiaren i stiftinga som har som mål å vere ein pådrivar av både nytt og eksisterande næringsliv i regionen.



*Alfred Bjørlo (t.v.) er Drivkraft sin daglege leiar. Her på Hoven i Loen saman med Bjørn Aage Haugen, som er styreleiar i Drivkraft. Foto Dag Ulvedal.*

Meir om både visningssenteret på Astruptunet og Drivkraft, i tillegg til veldig mange av dei gode tiltaka som skjer i lokalsamfunna rundt oss, kan du lese meir om under:

# Kunst og kultur

## DEI TAR VARE PÅ KULTURSKATTEN

I bygget frå 1892 var det stor aktivitet med flekking og salting av sild til langt inn på 1970-talet. Dugnadsgjengen i Kalvåg Kystlag har fått 400 000 kroner til å ta vare på det historiske bygget til Vamråk Sildesalteri.



*– At vi får 400 000 kroner er fantastisk, seier Bjarne Pedersen (nr. tre f.v.) i Vamråk Sildesalteri.*

Spesielt dei siste 30 åra har bygget gradvis forfalle, men no er 15–20 eldsjeler i Kalvåg Kystlag godt i gang med å restaurere bygget. Kvar torsdag møtast dei for å arbeide på bua.

– Og ut frå interessa, så ser det ut til at vi stadig blir fleire. Det er mange som ser at det er viktig å ta vare på den viktige kystarven som Vamråk Sildesalteri står for. Her har vi mange eldre trebåtar og masse forskjellig fiskeutstyr som vart nytta tidlegare. Men først og fremst er det no viktig å prioritere sjølve bygningsmassen.

Det sa Bjarne Pedersen, leiar i Kalvåg Kystlag, då han og dei andre eldsjelene tok imot 400 000 kroner frå Ole Aukland og Rose-Lene Eikeset i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, som delte ut på vegne av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

– Interessa for gamle båtar og sildesalteriet er aukande. At vi no får 400 000 kroner er fantastisk, la Pedersen til.



*Desse båtane var i bruk då kystarven i Kalvåg var i drift.*

## VISNINGSSENTER TIL 100-ÅRSDAGEN

**I 2028 er det 100 år sidan den ikoniske kunstnaren Nikolai Astrup døydde. Då skal eit nytt visningssenter stå klart på Astruptunet langs sørsida av Jølstravatnet.**



*Frå venstre: Terje Heggheim, Lillian Loen, Mayra Elena Henriquez, Anita Nordheim, Per Morten Ekerhovd, Roy Stian Farsund, Anders Bjørnsen, Hallvard Klakegg, Jacob Nødseth, Solveig Berg Lofnes, Tor Martin Leknes og Helge Robert Midtbø. Foto: Musea i Sogn og Fjordane.*

– Ein gledas dag, no må flagget til topps, sa Astruptunet-sjef Solveig Berg Lofnes då ho i juli tok imot både Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftelsen DNB. Grunnen til flaggheisinga var at begge dei to stiftingane kunne melde at dei gir 20 millionar kroner kvar til det nye visningssenteret.

– Nikolai Astrup sine kunstverk er i internasjonal målestokk. Det er viktig å ivareta både regionalt og nasjonalt. Vi må sikre at denne typen tiltak i regionen og eit visningssenter vil gjere det meir attraktivt, sa Hallvard Klakegg i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Han overrekte dei totalt 40 millionane saman med Anders Bjørnsen i Sparebankstiftelsen DNB.

Prosjektet har ein totalkostnad på litt over 130 millionar kroner, og vert eit spleiselag mellom kulturdepartementet, Vestland fylkeskommune, Sunnfjord kommune og dei to nemnde sparebankstiftingane. I desember vart det kjent at visningssenteret no er fullfinansiert.



*Anders Bjørnsen (t.v.) er leiar for kunst og kultur i Sparbankstiftelsen DNB, som også gav 20 millionar kroner til det nye visningssenteret. Her med Hallvard Klakegg (t.h.), direktør i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.*

# NYTT UTSTYR SKAL GI ENDÅ BETRE OPPLEVING I HAVGAPET

– Det er utruleg flott at vi får økonomisk draghjelp til å investere slik at Havblikk-festivalen kan utvikle seg vidare.




*Havblikk-trioen Live Rasch, Erling Karstensen og Johan Bakken saman med Tore Reksten i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.*

Det sa Erling Karstensen då Havblikk-festivalen på øya Fanøy utanfor Florø sist sommar vart tildelt 100 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til investeringar av utstyr og til utbetring av festivalområdet i vest.

– Vi skal halde på særpreget vårt, men samstundes må vi jobbe kontinuerleg med at publikum får optimale opplevingar når dei først kjem til Fanøy, la Karstensen til då Tore Reksten, rådgjevar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, overrekte pengane.

Gåvetildelinga vart gjort i samband konserten med deLillos som Havblikk-gjengen arrangerte i Florøhallen i oktober.

– Gjennom arbeidet vårt med Havblikk-festivalen på Fanøy, så kjem vi gjennom bookingbyrå og slikt i kontakt med mange agentar for diverse musikarar. Og det var på denne måten vi kom i kontakt med deLillos. Dei ville gjerne spele på Fanøy, men då vi vart klar over at dei skulle ha ein jubileumskonsert dette året, bestemte vi oss for å ta den konserten inne i Florøhallen, sa Johan Bakken om konserten i Florø som i likskap med festivalen i fjor vart ein stor suksess.

# Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

## DEI LAGAR PANORAMAVEG PÅ DUGNAD

Eit trettitals entusiastar i «Vener av Balestrandfjella» har gått i gang med å ruste opp den gamle stien frå Buråsi på stien halvvegs mot toppen av fjellet Raudmelen.



*Duoen til venstre, Trond Sundby og Jørgen Hundseth, er begge aktive i «Vener av Balestrandfjella». Her saman med Eirik Thue i DNT Sogn og Fjordane og Erlend Dale.*

– Vi merkar at folk vil gå meir rundturar på god sti. Dette er ei tilrettelegging som vil inspirere til å få fleire ut på tur, både fastbuande og tilreisande, sa Jørgen Hundseth då han i september i fjor kunne vise fram det imponerande arbeidet som foregår i lia over Balestrand sentrum.

Eldsjelene er ein av dei som har fått midlar frå «Eg gjekk ein tur på stien», eit prosjekt Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har saman med DNT Sogn og Fjordane. I 2025 fekk dei 156 000 kroner.

– Vi kunne aldri ha gjeve turistar og fastbuande så flotte turområde utan slik støtte. Dessutan gjer positive grunneigarar svært mykje for at dette arbeidet går knirkefritt. Og det er klart at meir enn 140 år med turist-trafikk i Balestrand, gjer at vi ser verdien å gje dei eit aktivitetstilbod. I starten sat turistane nede i bygda og såg opp på dei unike fjella. I dag vil dei opp i fjella, og helst vil dei gå rundturar. Ikkje slik som vi nordmenn held på med når vi går opp og ned same sti gong på gong, seier Hundseth.

*Meir om «Eg gjekk ein tur på stien»-prosjektet kan du lese om i eiga sak nedst i delen om gåveåret 2025.*

# DOBLA MEDLEMSTALET PÅ FEM ÅR

**Sandane Golfklubb nærmar seg 500 aktive, og sidan 2020 har dei dobla medlemstalet i klubben. Ein stor del av dei nye medlemmane er barn og ungdom.**




*Martin Hamre er styreleiar i Sandane Golfklubb, som dei siste åra har hatt ein flott vekst.*

Den imponerande utviklinga har gjort til at klubbhuset som stod klart i 2020 allereie er blitt for lite. Utviding av klubbhuset pågår no, og til dette har Sandane Golfklubb fått ei gåve på éin million kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

– Sandane Golfklubb yter veldig stor dugnadsinnsats. Dei er eldsjeler for lokalmiljøet på Sandane. Det er mange her som har ytt sine timar, så dette er veldig fortent, sa Ørjan Skåden, banksjef i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, då han delte ut milliongåva til golfklubben.

– Det er heilt fantastisk! Dette vil bety at vi klarer å fullføre prosjektet, sa styreleiar Martin Hamre som tok imot på vegne av golfklubben.

Nybygget vil vere klart i 2026, og kjem til å romme to garderobar, toalett, lager og oppbevaringsrom til utstyr for medlemmane. Når prosjektet er i mål har glopparane bikka 3 000 dugnadstimar.



*Banksjef Ørjan Skåden fekk æra av å overrekke milliongåva.*

# NORGES MEST POPULÆRE TURTRIM TIL SOGN OG FJORDANE

Stikk UT har blitt Norges mest populære turtrim. – I løpet av kort tid skal det vere Stikk UT-tilbod i alle våre sju kommunar. Og det kjem fleire med etter kvart.




*Jan Erik Hansen ute på tur og gåveutdeling saman med bankrådgjevar Markus Rivedal Haaland.*

Det sa Jan Erik Hansen i Fjordane Friluftsråd då han sist haust kunne ta imot 250 000 kroner. Desse pengane skal bidra til å utvikle Stikk UT-tilbodet i kommunane Solund, Hyllestad, Stad, Stryn, Kinn, Askvoll og Bremanger, som alle er Fjordane Friluftsråd sine medlemskommunar.

Stikk UT er eit turtrim-konsept der folk kan gå turar i nærmiljøet sitt og registrere ulike turmål med ein app.

– Det er meir enn ein million brukarar av Stikk UT. Dette er eit felles friluft- og folkehelsetiltak, og handlar om kvardagsaktiviteten til folk flest. Det er ingen konkurranse mellom brukarane, anna enn den konkurransen du sjølv har mot dørstokkmila, fortalde Hansen då han i Prestegardsmarka i Askvoll kunne ta imot gåva på 250 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, utdelt av Markus Rivedal Haaland, kunderådgjevar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

# TOK MED SEG BÅDE FLYTTELASS OG SKULESUKSESS

I 30 år har «Skulecup» i friidrett vore ein stor suksess i Møre og Romsdal. Som dagleg leiar i friidrettskrinsen i nabofylket vårt i nord, har Bente Krakeli hatt ansvaret dei siste 17 åra. No har ho tatt med seg konseptet sørover.



*Bente Krakeli har byta ut Møre og Romsdal med Sogn og Fjordane og har fått ansvaret for ny friidrettssatsing her.*




*Banksjef i Sunnfjord, Lars Solnørdal (t.h.), delte ut gåva til Asgeir Årdal, dagleg leiar i Sogn og Fjordane Friidrettskrins, og Bente Krakeli.*

I fjor vår gav Krakeli seg i jobben i Møre og Romsdal. Ho er no blitt pensjonist og har flytta til Høyanger. Der bur nemleg han som no har blitt sambuaren hennar på heiltid.

– Når ein slik kapasitet flyttar til Sogn og Fjordane, så tenkte eg at «no må vi berre få til det same her», sa Asgeir Årdal, dagleg leiar i Sogn og Fjordane Friidrettskrins då det i fjor sommar vart kjent at «Skulecup» også blir lansert i Sogn og Fjordane. Sjølvsagt med Krakeli i spissen.

– Friidrett har vore ein del av livet mitt i alle år. Hovudet klarer ikkje slutte å tenke friidrett. Dette blir ein fin måte å knytte fleire kjennskap på i området, seier ho.

Men «Skulecup», kva er det? Det er noko alle elevar frå 6.- til 10. klasse vil få tilbod om å vere med i. I korte trekk går det ut på at skulane sjølve arrangerer idrettsdagar, som dei fleste gjer allereie, og så melder dei inn resultat på 60 meter, kule og lengde. Deretter vil det bli arrangert felles semifinalar og finalar.

Sist vår var det 600 elevar som var med i semifinalane i Møre og Romsdal.

– Vi håpar at «Skulecup» er med på å rekruttere fleire til friidretten, sa Krakeli.

Til «Skulecup»-satsinga i Sogn og Fjordane fekk friidrettskrinsen i fjor tildelt ei gåve på 150 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

# Humanitære tiltak og helseføremål

## DETTE EKTEPARET JOBBAR SOM FRIVILLIGE PÅ SJUKEHUSET

**Ekteparet Hildegunn Aamot Dahl og Alf Kåre Dahl er blant om lag 30 personar som i dag jobbar som frivillig ved sentralsjukehuset i Førde.**



*Hildegunn Aamot Dahl og Alf Kåre Dahl seier at det er gjevande å hjelpe pasientar når dei kanskje noko usikre kjem inn dørene på sjukehuset i Førde.*

– Eg har fått mykje hjelp frå sjukehuset sjølv, så dette er min måte å gje noko tilbake på. Eg er uføretrygda og har kapasitet til å vere her. Pasientane er takknemlege for å få hjelp, og det gjer jobben veldig gjevande, seier Hildegunn.

Som frivillig møter du pasientar som kjem til sjukehuset og som gjerne vil ha hjelp til praktiske ting. Det kan vere å vise dei vegen til dit dei skal, hjelpe med å finne rullestol, svare på praktiske spørsmål, handle, følgje til taxi eller berre vere ein fin samtalepartnar.

Frivilligtenesta til Helse Førde starta på nyåret i 2025, og ei gåve på 450 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med og sikrar drift også vidare framover.

– Desse frivillige gir pasientar, som gjerne kjenner på usikkerheit når dei går inn dørene på sjukehuset, eit trygt og godt førstemøte. Det er viktig at folk blir sett, og dette prosjektet bidrar til nettopp det, sa Johanne Viken Sandnes, kommunikasjonsdirektør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane då pengane vart utdelt.

Gåva vart overrekt i lag med Yngve Thorsen, leiar gåve og samfunnskontakt i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

– Det gir også ein fin dimensjon til dei frivillige, som får ein sosial arena og som verkeleg kan vere stolte av deira bidrag til fellesskapet. Det er inspirerande å få møte folka bak prosjektet og dei frivillige i dag, sa Thorsen.




*Arve Varden (t.v.), adm. direktør i Helse Førde, tok imot gåva på 450 000 kroner til frivilligtilbodet til Helse Førde.*

## AKKURAT SOM JULEKVELDEN – BERRE I JUNI

Både John Petter Svedal og Kristian Slinde i hjelpekorpset i Leikanger Røde Kors smilte om kapp med sola då dei fekk totalt 150 000 kroner i gåvemidlar.




*Det vart dobbel lukke for Kristian Slinde og John Petter Svedal i hjelpekorpset til Leikanger Røde Kors då Trond Eiken og Laila Ruud frå banken kom på besøk.*

– Dette er som julekvelden for oss. Ikkje nok med at vi får 80 000 kroner til innkjøp av ein ny ATV, vi får også 70 000 til innkjøp av ein ny og større tilhengar. Dermed kan vi transportere både snøscooter, redningspulkar og anna naudsynt utstyr på ein betre måte, kunne hjelpekorsleiar John Petter Svedal fortelje då Trond Eiken og Laila Ruud frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane kom med dei to gåvene.

Både den nye ATV-en og tilhengaren blir stasjonert på Hanehaug, og kan dermed bli brukt både lokalt og i heile sogneregionen.

– Vi har masse samarbeid med dei andre Røde Kors-avdelingane og stiller opp for kvarandre når det er trong for det. Og det er klart at når vi no kan disponere fleire køyretøy, så blir det lettare å øve i lag, sa Slinde.

## HUNDANE IRIS OG ZUMA ER KLARE FOR Å HJELPE

Sunnfjord og Sogn har hatt det, og takka vere ei gåve fekk endeleg Norske Redningshundar Sogn og Fjordane økonomi til å starte treningsgruppe også i Nordfjord.



*Hundane Iris og Zuma er klare for å hjelpe i Nordfjord. Her saman med Irene Hillestad og Hilde Utne Weyer.*

– Nordfjord har lenge vore eit svart hol for oss. Vi har hatt to aktive lag, i indre Sogn (Årdal, Lærdal og Sogndal) og ei i Sunnfjord rundt Førde. Og har det vore trong for hunde-ekvipasjar på oppdrag i Nordfjord, så har vi fått hjelp frå Ørsta eller ei av gruppene lenger sør i Sogn og Fjordane. Så vi ser verkeleg fram til at det kan bli etablert ei gruppe i Nordfjord.

Og det får Helene Sæterdal og Norske Redningshundar no. For med ei gåve på 50 000 kan dei intensivere opplæringa av dei nye hundane, Iris og Zuma, og dei kan gå til innkjøp av utstyr og radio.

– Det vil ta nokre år før ekvipasjane i Nordfjord er godkjente, då det er masse krav og testar som må gjennomførst. Men no er vi i startgropa med å få på plass interesserte i Nordfjord, og vi har økonomi til å gå i gong. Noko vi ser på som svært gledeleg, sa Sæterdal.




*Gåva til Norske Redningshundar Sogn og Fjordane var ei av åtte gåver frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som vart delt ut på scena under SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt Lars Monsen-arrangement på Nordfjordeid.*

# GIR BARN OG UNGE EIT FRIMINUTT FRÅ KREFTSJUKDOMMEN

## – Eg grin når eg får slike fantastiske meldingar!




*Rasmus Mo flankert av Andreas Bjelde og Signhild Sperle.*

Det sa Rasmus Mo då Andreas Bjelde og Signhild Sperle på Sogndal-kontoret til SpareBank 1 Sogn og Fjordane kunne overrekke 100 000 til «Vegards krefttråkk».

Pengane var med på å finansiere aktivitetshelg på Quality Sogndal Hotell i april i fjor for barn og familiar som er råka av kreft.

– Dette er ei viktig helg for å gje barn og familiar eit friminutt frå kreftsjukdom og behandling. Dette er noko vi har arrangert sidan 2016, og bortsett frå pandemiperioden har dette blitt eit årleg arrangement. Dette er fantastisk, sa Rasmus Mo då pengane vart delt ut.

«Vegard Krefttråkk» vart etablert av tidlegare fotballkeeper Vegard Skjeldestad for ti år sidan. Han har vore open om eiga krefthistorie, og då han i 2016 såg at det var nokon som sykla frå Lindesnes til Nordkapp for å samle inn pengar til kreftsaka, kom denne ideen.

– Vegard kom med ideen om at vi skulle sykle Jotunheimen Rundt, og så kunne folk gje så mykje pengar som dei ville til kreftsaka. Det første året vart det samla inn fantastiske 350 000 kroner. Dermed vart det stifta ein organisasjon, Vegards Krefttråkk, som skulle bestemme kva pengane skulle brukast til. Då kom ideen om mellom anna å arrangere ei aktivitetshelg med ei rad kjekke opplevingar og aktivitetar for familiar med barn som var kreftråka, fortalde Mo om bakgrunnen for helga.

# Samfunn, utvikling og sosiale tiltak

## NY «SKULE» FEKK HALVANNA MILLION I STØTTE

**Under eit frukostmøte for næringslivet hos SpareBank 1 Sogn og Fjordane i Førde vart HUB-yrkesfag og deira nye prosjekt overraska med ei gåve på 1,5 millionar kroner.**




*Frå venstre: Roy Stian Farsund, Bjarte Heggheim, Jan Erik Øygard og Lillian Loen.*

«Meistringsskulen» er namnet og dei skal jobbe med å både forebygge og styrke rekrutteringa til fagutdanningane og gje praktisk opplæring for ungdom og unge vaksne, som eit alternativ til ordinær skulegang.

– I heile samfunnet vårt har vi ei stor utfordring med unge menneske som fell utanfor. I Sogn og Fjordane er det totalt 1800 unge menneske det er snakk om. 600 av desse er registrerte gjennom NAV-systemet. Noko som betyr at 1200 personar mellom 19 og 30 år fell mellom to stolar, og ikkje har noko som helst tilbod, sa Bjarte Heggheim til dei 100 frammøtte på frukostmøtet.

Gåva på 1,5 millionar kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart delt ut av Lillian Loen til Jan Erik Øygard og nemnde Bjarte Heggheim.

## VIL HJELPE UNGE INN PÅ RIKTIG SPOR

**Ola Teigen, leiar for Origod i Florø, seier at arbeidet deira for å hindre utanforskap ofte står og fell på finansiering. I september fekk dei to millionar kroner i gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.**




*Ein god velfortent klem frå Ole Aukland til Leni Notø i Origod.*

– No har både Kinn kommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sett verdien av jobben vi gjer og støttar oss økonomisk. No kan vi straks begynne å sjå etter folk som kan jobbe med dette viktige arbeidet, sa Teigen då det vart kjent at dei fekk to millionar kroner til Fram-prosjektet deira.

Hovudfokuset i dette prosjektet vil vere å skaffe arbeid og læreplassar for aldersgruppa 15 til 30 år.

– Her blir det bygd stein på stein, og vi ser tydeleg at Origod har både kompetanse og hjarte på rette plassen, sa Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sin Lillian Loen som delte ut gåva i lag med SpareBank 1 Sogn og Fjordane-duoen Ole Aukland og Roger Bareksten.

## VILLE TOPPE DET SUKSESSRIKE FJORÅRET

– Eg kallar det tidenes nerdefest. Og då er det positivt lada altså!




*Frå venstre: Trond Eiken, Thomas Finnøy, Pelle Hågvar, Markus Feten, Sigyn Øren og Elisabeth Sætren.*

Det sa arrangementsjef Pelle Hågvar då han i november kunne ta imot 250 000 kroner i gåve til Sognacon.

– 250 000 kroner? Det var ikkje det vi hadde fått førespegla, var Hågvar sin kommentar då Trond Eiken ved SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt Sogndal-kontor overrekte gåva.

– Nei, du skjønar at Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har tildelt 150 000 kroner. Og så vart vi ved Sogndal-kontoret så imponerte over arrangementet i vår, at vi har lagt på 100 000 kroner for vår del også, sa Eiken til stor glede for Hågvar.

– Sognacon betyr utruleg mykje for mange ungdommar. Dette er ungdommar som ikkje fell inn i den vanlege organiseringa. Dette er ein alternativ og inkluderande møteplass for ungdom, og samlar deltakarar frå heile landet, fortalde arrangementsjefen.

Men kva er SognaCon? Jo, det er eit breitt ungdomsarrangement retta mot ungdom i alderen 12 til 18 år. Det vert arrangert i Sogndal kulturhus med fokus på gaming, cosplay, manga, anime, rollespel, spesielle filmar og liknande kulturuttrykk. I 2025 hadde SognaCon 1867 deltakarar, og i 2026 var målet å toppe dette.

# Klima, miljø og naturvern

## SKAL GJERE FJORDRYDDINGA MEIR EFFEKTIV

– Slike sjekkar er det svært sjeldan vi finn på botnen, var den første kjappe kommentaren til Arne Frode Barsnes då Sogndal Dykkarklubb vart tildelt 300 000 kroner.



*Arne Frode Barsnes og Kurt Kvam kan glise for gåva Jan Petter Vadheim hadde med til Sogndal Dykkarklubb.*

Desse pengane skal vere med å bidra til den viktige jobben dei gjer med å rydde boss frå fjordbotnen.

– Seinast i førre veke var vi og plukka opp åtte-ti gamle dekk inne ved Loftesnesbrua. Under ein aksjon på Leikanger for kort tid sidan fylte vi ein hengar med skrot frå fjorden. Då var det både bildekk, flasker, fiskereiskap og strykejarn noko av det vi tok opp, kunne Arne Frode Barsnes og Kurt Kvam i dykkarklubben fortelje.

Dykkarklubben har om lag 40 medlemmer, og saman med fridykkarane blant studentane i Sjøspretten er fjordrydding noko av det viktigaste dei gjer. For å gjere denne jobben endå meir effektiv har dei no fått 300 000 kroner som er med på å finansiere ny RIB-båt.

– Vi har hatt ein del kostbare reparasjonar på den båten vi har, og ser at det er dårleg butikk å drive på og reparere den. Så vi må få kjøpt oss ein ny. Med denne fantastiske gåva er vi langt på veg, sa Barsnes om gåva dei tok imot like før jul.

# RYDDA BOSS OG FEKK PENGAR TIL LAGET

**2000 barn og ungdom i Sogn og Fjordane var i fjor med på «Plastdugnaden» og skaffa pengar til laget sitt.**



*– Plastdugnaden er vinn-vinn for alle, sa berekraftsansvarleg i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, Henrik Hundershagen, før startskotet for dugnaden i fjor.*

Handelens Miljøfond lanserte i 2024 «Plastdugnaden» og med seg på laget har dei fått stiftingane til SpareBank 1-bankar landet over. I fjor sette Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane av over éin million kroner til ordninga der barn og unge kunne få pengar i klubbkassa si gjennom rydding i naturen i staden for sal av produkt.

Og det vart ein suksess! 2003 barn og unge i Sogn og Fjordane gjennomførte totalt 6009 «plastdugnadstimar», som igjen førte til utbetalingar for totalt 1 001 500 kroner i Sogn og Fjordane.

– Dette er vinn-vinn for alle! Plastdugnaden har både miljømessige og samfunnsmessige gevinstar. Avfall i naturen er eit stort problem, og dette er ein veldig fin måte å bevisstgjere det for barn og unge. Når det i tillegg kan gi dei pengar til fritidsaktiviteten sin, så er det kjempebra, sa fungerande berekraftsansvarleg i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, Henrik Hundershagen, då ordninga blei lansert i mars i fjor.

# 100 000 REISER FORBI – NO FÅR UTSTILLINGA EIT LØFT

Sist sommar var dei nye utstillingane klare ved Utladalen Nasjonalparksenter. – Vi trengde eit løft når det gjeld fornying, meinte Monika Lysne.



*Bak frå venstre: Berit Nesse, Monika Lysne, Laila Ruud og Kari Bjørg Måren. Framme frå venstre: Marita Opheim og Anne Mikalsen Steinheim.*

Den nytilsette leiaren ved Utladalen Nasjonalparksenter er også dagleg leiar for Stiftinga Utladalen Naturhus på Skåri. Med den nye statusen som nasjonalparksenter er tanken at senteret skal fungere som eit besøkssenter for Jotunheimen Nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

I samband med Vettisløpet i mai i fjor kunne Lysne vise dei to tilsette ved SpareBank 1 Sogn og Fjordane, Laila Ruud og Anne Steinheim, rundt på område og orientere om den nye utstillinga.

Ei utstilling som Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har gitt 400 000 kroner til.

– Første helga i juni skal vi ha ei stor samling for Norges nasjonalpark-kommunar her, og då tenkte vi det var eit ypparleg arrangement for å vise fram den nye utstillinga vår for første gong. Den gamle utstillinga hadde mykje tekst og små bilde. No går vi motsett veg. Dessutan kjem vi til å bruke QR-kodar for dei som vil vite meir. Utstillingane vil dessutan vere retta spesielt mot barn og unge, kunne Lysne fortelje entusiastisk.

– Hugs på at vi har nærare 100 000 besøkande frå heile verda som passerer forbi her på Skåri. Her har det vore drift sidan 1970, og den gamle husmannsplassen frå 1800-talet har sterk appell på mange turistar. Det er på tide at vi får betra på utstillingane våre.

# Kompetanse, utdanning og forsking

## KARI OG ØYSTEIN LEGG TIL RETTE FOR UTDANNING DER DU BUR

StudieHub – Fjordane Studiesenter jobbar i korte trekk med å sikre at fleire kan ta studiar der dei bur utan å måtte flytte.




*Kari Eldby Rygg og Øystein Nes jobbar for at innbyggarane kan ta utdanning utan å flytte frå heimstaden sin.*

– Dette handlar om bulyst, rekruttering og verdiskaping. Det å gi folk moglegheita til å utvikle seg der dei bur, utan å måtte flytte frå heimstaden sin, er noko vi jobbar med kvar dag for å nå, forklarer Kari Eldby Rygg, prosjektleiar for StudieHub – Fjordane Studiesenter.

Dei ønsker å vidareutvikle studiesenteret sitt, og til dette fekk dei ved nyåret i fjor ei gåve på to millionar kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

– Beskjeden om at vi fekk denne gåva er ein av dei beste eg har fått sidan vi begynte i Inviro. Eg er ikkje akkurat ein klemmar, men då gjekk eg inn på kontoret til Kari og gav ho ein stor klem, seier Øystein Nes, dagleg leiar i Inivro, som studiesenteret er ein del av.

– Dette vil bety mykje for kompetanseutvikling i Nordfjord og i Sunnfjord kommune. No og i framtida, seier Nes som saman med Rygg kunne motta gåva frå Ørjan Skåden, banksjef i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.




*Banksjef Ørjan Skåden delte ut den store gåva.*

# VIL HA SOGN OG FJORDANE I FØRARSETET

**Tre skular i Sogn og Fjordane er utplukka til å ta del i Høgskulen på Vestlandet sitt nye utviklingsprosjektet FASF, som står for «Fysisk aktiv læring, samskiping i Sogn og Fjordane».**



*Vassenden skule er ein av tre referanseskular i Høgskulen på Vestlandet sitt nye prosjekt, FASF, som handlar om fysisk aktiv læring i undervisninga.*

Skulane det er snakk om er Vassenden skule, Gaupne skule og Nordfjordeid skule. Prosjektet har som hovudmål å fremje mangfald, trivsel, læring og helse blant skuleelevar i Sogn og Fjordane. Verkemiddelet er først og fremst å auke både omfang og kvalitet på fysisk aktiv læring i undervisninga.

– På mange måtar er dette ei vidareføring og vidareutvikling av tidlegare prosjekt som vi hadde suksess med i Sogn og Fjordane, mellom anna ASK-studiane. Fysisk aktivitet er gunstig, ikkje berre i eit helseperspektiv, men også i eit læringsperspektiv. Vi har også tru på at fysisk aktivitet er positivt med tanke på sosialiseringsprosessar.

Det sa Mathias Brekke Mandelid, som saman med Geir Kåre Resaland er initiativtakarar og ansvarleg for prosjektet, då dei fekk overrekt ei gåve på tre millionar kroner til prosjektet. Utdelinga vart gjort på Vassenden skule av Yngve Thorsen i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

– Prosjektet til HVL er innovativt og samfunnsnyttig som samsvarar godt med stiftinga sine formål. Vi vil støtte tiltak som fremjar folkehelse, utdanning og regional utvikling, sa Thorsen under utdelinga.

## STUDENTANE TAR MEIR ORDENSANSVAR

Med utdanning av eigne ordensvakter skal studentane bidra til tryggleiken på arrangementa i Sogndal framover.




*Bak frå venstre: Tor Fardal, Trond Eiken, Torolv Røberg, Elisabeth Sætren, Thomas Finnøy og Hans Martin Brusegard. Framme frå venstre: Linnea Marie Jørgensen, Emma Bolstad Farrestveit, Hanna Elen Leivestad, Astrid Bjørge Revheim og Sigurd Flem.*

Etter nye tryggleikskrav, har vektarkostnadane gått kraftig opp. Ved å utdanne eigne ordensvakter gjennom kurs, kan Studentsamfunnet i Sogndal redusere noko på desse utgiftene. Til denne utdanninga har dei fått 200 000 kroner i gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Styreleiar Torolv Røberg seier at dei er veldig takknemleg for gåva, og at det gir positive ringverknadar i at studentane blir meir aktive og tek ansvar for arrangementa i bygda.

– Dette er ei ordning vi vil etablere saman med Sogndal kommune og Saman. Også på det økonomiske planet. Vi har planar om å utdanne 30 studentar kvart år i tre år framover. Det er klart at dette vil ha ein tydeleg allmennyttig verdi for studentmiljøet i Sogndal. Ikkje minst håpar vi at dette tiltaket skal kunne vere med på å styrke grunnlaget for at vi kan halde fram med vår godt etablerte kulturarena, sa Røberg då trioen Trond Eiken, Thomas Finnøy og Elisabeth Sætren frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane stakk innom Meieriet for å overrekke pengane.

– Dette er den største konsertarenaen i Sogn og Fjordane, og vi har lyst til å halde på den posisjonen.

# GIR FØRDE-STUDENTANE RABATT PÅ ARRANGEMENT

Ei gåve på 300 000 kroner sikra vidareføring av den populære ordninga med kulturkort for studentar i Førde.




*Birk Tangen (i midten) og dei andre studentane i Førde kan få med seg kjekke ting i Førde for ein rabattert pris. Gåva til studentane vart delt ut av Aleksander Haugland (t.h.).*

– Dette er ein utruleg flott moglegheit for oss studentar. Dette gjev oss moglegheita til å engasjere oss på kulturarrangement og delta i lokalmiljøet. Det gjev oss også moglegheita til å spare litt på den herlege og tronge studentøkonomien. Eg brukar tilbodet sjølv, og då mest kino og litt standup.

Det sa Birk Tangen, student ved HVL i Førde, då kunderådgjevar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane Aleksander Haugland kunne overrekke 300 000 kroner til kulturkort for Førde-studentar. Dette kortet gir studentane 50 prosent rabatt på kino, konsertar, show og andre arrangement på Førdehuset og Scandic Sunnfjord Hotel. Ordninga har vore ein stor suksess, og no er det klart at den held fram i tre nye år.

– Det er veldig fint at banken og stiftinga er med på finansieringa slik at vi kan fortsette det gode tilbodet til studentane i Førde, sa Inge Larsen, einingsleiar for kultur og ungdom i Sunnfjord kommune, under overrekkinga.

# Næringsutvikling

## HAR SKIPA NÆRINGSSTIFTINGA DRIVKRAFT

Næringsstiftinga skal gje fart i gründerverksemd og næringsutvikling i Sogn og Fjordane.




*Alfred Bjørlo er Drivkraft sin dagleg leiar, og han er allereie godt i gong med å bli kjent med næringslivet i regionen vår. Foto: Ingeborg Sol Fure.*

I juni vart det kjent at Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og SpareBank 1 Sogn og Fjordane gjekk saman om å skipe næringsstiftinga Drivkraft. Målet med stiftinga er å vere ein drivande faktor for nyskaping og innovasjon i næringslivet.

Stiftinga og banken har gått inn med 100 millionar kroner i startkapital for Drivkraft.

– Det er svært gledeleg at stiftinga og banken tek eit så kraftfullt bidrag til å sikre knoppskyting og innovasjon i Sogn og Fjordane. Dette viser betydinga sparebankmodellen har for positiv utvikling i lokalsamfunnet vårt, sa styreleiar Bjørn Aage Haugen, då han i juni signerte skipingspapira i lag med Trond Teigene, adm. direktør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, og Hallvard Klakegg, direktør i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

På hausten vart Alfred Bjørlo presentert som Drivkraft sin daglege leiar. Han har mellom anna vore ordførar i Eid og Stad i 10 år, dagleg leiar i Måløy Vekst og politisk rådgjevar i Næringsdepartementet og Samferdsledepartementet. Nordfjordingen starta i jobben i ein mindre stillingsprosent i november, og for fullt frå nyttår.

Bjørlo er glad for tilliten og ser fram til å setje retning og form på Drivkraft frå starten av.

– Drivkraft har betydeleg startkapital og solide stiftarar i ryggen. Skal visjonen bak Drivkraft bli røyndom, handlar det likevel om meir enn pengar. Vi må bygge kultur for samarbeid, tillit og tempo. Altfor mange gode idéar og bedrifter har forsvunne frå Sogn og Fjordane fordi kapital og nettverk har vore for svake eller for langt unna. Den utviklinga må vi snu: Drivkraft skal vere motoren som får kapital, idéar og folk til å spele på lag.



*I sin nye jobb ønsker Alfred Bjørlo å vere tett på næringslivet i Sogn og Fjordane. Her i samtale med Svein-Erik Helle, dagleg leiar i Helle Fabrikker. Foto: Ingeborg Sol Fure.*

## VIL GJERE DET KULT Å BU I SOGN

**Med jobb på dagtid og aktivitetar på kveldstid kunne Sogn Næring tilby ein heilt spesiell sommar for studentar.**




*«Jobb på dagtid, eventyr på kveldstid» er mottoet til Sognacamp. Henrik Skyttermoen (i midten) kunne ta imot ein halv million kroner til Sognacamp. Her saman med Yngve Thorsen (t.v.) og Jan Petter Vadheim.*

Ei fem veker lang sommaroppleving der studentar jobbar i lokale bedrifter på dagtid, medan Sogn Næring står for mykje kjekt sosialt utanfor arbeidstid. Det er i korte trekk det Sognacamp er. Til dette fekk dei ei gåve på 500 000 kroner frå oss.

– Vi har lyst til å gje desse sommarstudentane ein smakebit på kva Sogn kan tilby. Gjennom dette samarbeidet med bedriftene, håpar vi å etablere eit tilbod som skal få tilreisande sommarvikarar til å få opp auga for alt vi kan tilby i regionen.

Det sa Henrik Skyttermoen i Sogn Næring då Jan Petter Vadheim i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og Yngve Thorsen i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane overrekte gåva på 500 000 kroner.

– Vi ser på Sognacamp som eit berekraftig prosjekt som treff verdien i det som mange kommunar slit med, nemleg å rekruttere yngre kompetansearbeidskraft. Dette gjeld både i offentleg og privat sektor. Noko som Sognacamp har lagt vekt på, og håpet er at dette skal bli eit langvarig prosjekt som vil utvikle seg vidare. Det skal bli spennande å følgje med på, sa Thorsen under utdelinga.

# Furorevinnarar

## ÉIN MILLION KRONER TIL TI TALENT

Furorestipendet vart i 2025 auka frå 50 000 kroner til 100 000 kroner. I tillegg blei også kategorien utdanning og forsking oppretta. Gjennom året fekk ti talent frå Sogn og Fjordane i alderen 15–30 år tildelt 100 000 kroner kvar.




*Furorestipendet vart i 2025 auka frå 50 000 till 100 000 kroner, og Malene Flister Seljeseth var den første som mottok stipendet i fjor.*

### Desse fekk Furorestipend i 2025:

- Anna Lillestøl Naustdal, artist og låtskrivar frå Nordfjordeid.
- Malene Flister Seljeseth, motorsportutøvar frå Florø.
- Aksel Arvid Hauge, musikkprodusent frå Bremanger.
- Gjest Ingeson Kvåle, artist, låtskrivar og produsent frå Sogndal.
- Louise Tveito, scenekunstnar frå Kaupanger.
- Sara Rose Zadig, artist og låtskrivar frå Dale.
- Martin Haukedal, låtskrivar, gitarist og komponist frå Kaupanger.
- Sander Hestetun Kilen, fotballspelar frå Øvre Årdal.
- Ann Kristin Aaland, skiskyttar frå Hopland.
- Mikal Kalstad, volleyballspelar frå Førde.

**Litt meir om nokre av dei kan du lese under:**

## LOUISE FEKK STÅANDE APPLAUS

Louise Tveito frå Kaupanger forstod lite då ho vart kalla fram på scena etter at aktørane i «Soga om Sol» hadde fått applausen sin.




*– Dette kom brått på, sa Louise Tveito då ho blei overraska med stipend av Odd Kjetil Tonning og Helge Høvig.*

For føre 400 entusiastiske tilskodarar i Opera Nordfjord dukka den lokale banksjefen i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, Odd Kjetil Tonning, opp. Han kunne saman med kollega Helge Høvig avsløre at 22-åringen hadde fått tildelt Furorestipend på 100 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

– Wow, dette kom brått på. Eg forstår ikkje, sa ho medan publikum trampeklappa til henne då ho fekk overrekt sjekk, blomar og klemmar.

I Louise Tveito har Sogn og Fjordane ein unik scenekunstnar. Ho har trass sin unge alder allereie i mange år utmerka seg som både utøvar, produsent og inspirator. Ho er utdanna musikalartist frå Bårdar-akademiet, og held for tida på med ein mastergrad ved Oslo Met. Og innimellom har ho produsert over 30 framsyningar med scenekunstprosjektet «Showtime», eit prosjekt som har gjeve svært mange lokale barn og unge sitt første kjennskap til scenekunsten.

## SKULLE HENTE NOKO FOR FAREN – VART 100 000 KRONER RIKARE

Skiskyttartalentet Ann Kristin Aaland var på snarvisitt heime i Stryn då faren Trond sendte ho innom banken for å hente nokre papir for han. Dette som takk for at han la på piggdekk til dottera før reisa tilbake til Lillehammer.




*Ann Kristin Aaland vart overraska av banksjef Odd Kjetil Tonning med 100 000 kroner i Furorestipend då ho stakk innom banken i Stryn.*

Ja, det var eit papir ho skulle hente, men det var på ingen måte til pappa Trond. For i døra inn til SpareBank 1 Sogn og Fjordane sine lokale stod banksjef Odd Kjetil Tonning med ein sjekk på 100 000 kroner.

– Eg tenkte at å hente noko for pappa skulle vere det minste, og så skjer dette. Eg stussa litt då døra til banken var låst, men så dukka banksjefen opp med denne sjekken. Fy søren så kjekt. Dette kjem utruleg godt med, sa 21-åringen då ho fekk overrekt stipendet.

Aaland fekk sitt definitive gjennombrot sist sesong då ho fekk 6.- og 7.-plass individuelt i junior-VM, og bronse på stafetten. 21-åringen frå Hopland er også norsk meister og ein del av rekrutteringslandslaget.

# FUROREFEST DÅ MONSEN BESØKTE DALE

Sara Rose Zadig og Gjest Ingeson Kvåle fekk kvart sitt Furorestipend då Lars Monsen fylte Samvirket i Dale.




*Denne duoen spelar begge i We Met In June, men Sara Rose Zadig og Gjest Ingeson Kvåle fekk kvar sitt individuelle Furorestipend då dei var på scena i Dale sist haust.*

– Eg er heilt sjokkert. Dette hadde eg ikkje trudd, var dei første orda som kom ut av munnen til Sara Rose Zadig etter at ho blei overraska med Furorestipendet på heimebane i Dale. Ho opptredde under SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt arrangement med Lars Monsen.

Då applausen hadde senka seg kom Yngve Thorsen frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og banksjef Torunn Mattson i SpareBank 1 Sogn og Fjordane på scena. Dei hadde ikkje berre eitt, men to Furorestipend på 100 000 kroner med seg. Også Gjest Ingeson Kvåle fekk det same stipendet.

Duoen spelar i bandet We Met In June, men stipenda dei fekk er individuelt delt ut.

– Eg hugsar at søstera mi, Gunn, fekk tildelt Furorestipendet på ein julekonsert i Øvre Årdal i fjor. Men at eg skulle få det same, var utruleg overraskande. Det viser berre kor utruleg flott det er at vi har ein bank som ser verdien i den jobben vi gjer på scena, sa Gjest Ingeson Kvåle etter at han seg summa seg og konstatert at han var tildelt 100 000 kroner i stipend.




*Det var under SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt Lars Monsen-arrangement i Dale dei fekk Furorestipendet.*

# Rammegåver

## EIN AV 26 SOM FEKK STØTTE

**– Det er fantastisk at vi no får over ein halv million kroner for å utvide og ta vare på dette kjære huset, sa Janne Karin Støylen då ho og Johnny Solheimsnes, leiar i Vårvon Grendelag, kunne ta imot 530 000 kroner.**



*Janne Karin Støylen og Johnny Solheimsnes er ein av mange i Sogn og Fjordane som tek vare på dei ulike bygdehusa våre.*

Pengane fekk dei gjennom «Huset i bygda», prosjektet til Sogn og Fjordane Ungdomslag der lagseigde hus kan søke om pengar.

Totalt 4,5 millionar kroner fekk «Huset i bygda» i 2025 av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, og Vårvon grendelag i Svidalen på nordsida av Jølstravatnet var ein av 26 hus som fekk midlar.

– Det vi ser i stadig større og større grad er at folk brenn for desse husa og lokalmiljøet sitt. Mange av husa har fått nytt liv dei siste åra, og vi ser renessanse i mange av bygdelaga. Dette er kort og godt fantastisk, sa Ida Søderstrøm i Sogn og Fjordane Ungdomslag under då 12 av dei 26 mottakarane var samla til utdeling i huset Leikvang på Leikanger.




*I huset Leikvang på Leikanger vart eldsjeler frå ulike bygdehus gjort stas på sist haust.*

## Følgande organisasjonar og lagshus fekk gjennom «Huset i bygda» utdelt gåvemidlar i 2025:

- Fresvik ungdomslag 330 000 kroner
- Framfjord ungdomslag 200 000 kroner
- Leikanger ungdomslag 260 000 kroner
- Skogly, Kaupanger 100 000 kroner
- Lavikdal grendalag 100 000 kroner
- Takle-Hjartholm grendalag 225 000 kroner
- Instedalen krins 90 000 kroner
- Guddal ungdomslag 100 000 kroner
- Jacob Sande-selskapet 65 000 kroner
- Vårvon grendelag 530 000 kroner
- Nesbygda grendalag 70 000 kroner
- Foreninga Breimshallen 270 000 kroner
- Heimlund 100 000 kroner
- Indre Hornindal ungdomslag 130 000 kroner
- Nordstranda bedehusforening 80 000 kroner
- Stavøy grendalag 70 000 kroner
- Flekke ungdomslag 70 000 kroner
- Holmedal ungdomshus 65 000 kroner
- Hole grendahus 60 000 kroner
- Bygstad samfunnshus 100 000 kroner
- Midthjell og Lefdal grendahus 55 000 kroner
- Dalen grendalag 275 000 kroner
- Stadlandet ungdomslag, 100 000 kroner
- Eikås ungdomslag 390 000 kroner
- Øen grendalag 75 000 kroner
- Utvik ungdomslag 70 000 kroner

# 21 ANLEGG HAR FÅTT PENGAR TIL STRAUMSPARANDE TILTAK

**I 2024 lanserte Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Vestland Idrettskrets «Straumsmarte idrettsanlegg». På to år har 21 anlegg fått midlar frå ordninga.**




*Dette er sju av dei 21 mottakarane som har fått pengar frå ordninga «Straumsmarte Idrettsanlegg» sidan oppstarten for to år sidan.*

«Straumsmarte idrettsanlegg» gir klubbar i Sogn og Fjordane moglegheita til å søke om pengar til straumsparande tiltak i idrettsanlegga sine. Som igjen vil gi klubbane lågare straumrekningar.

– Med totalt 220 000 medlemmer i Vestland Idrettskrets, ser vi at idretten er ein viktig samfunnsaktør. Mykje av pengane i idretten går til å drifte anlegga. Då er denne ordninga med straumsmarte investeringar på desse idrettseigde anlegga svært gunstig for å redusere kostnadane.

Det sa Nils R. Sandal, styreleiar i Vestlands Idrettskrets, då åtte av dei 21 som har fått pengar til no var samla i Trivselshagen på Sandane i januar i fjor.

Ein av dei som har fått pengar er Sande stadion, og Ole Hermann Engen i Gaular IL kunne fortelje denne tildelinga har gjort at dei har frigjort meir midlar til annan aktivitet

– Vi har skifta til LED-pærer på to av banene våre, og har også fått på plass nytt styringssystem, som eg kan styre via app på mobilen. Her kan eg styre effekten på lysa etter behov, og vi ser allereie at vi kan doble timetalet med desse straumsmarte investeringane.

Her er alle 21 anlegga som til no har fått pengar gjennom «Straumsmarte idrettsanlegg»:

- Flora Hestesportklubb – kr. 66 838 (Sunnfjord Hestesportsenter)
- Gaular IL – kr. 237 469 (Sande Stadion)
- Harpefossen skisenter – kr. 106 250 (Alpinanlegg)
- Hyen IL – kr. 145 828 (Storskjegga, langrennsanlegg)
- Selje IL – kr. 154 900 (Kunstgrasbane)
- Stryn Vinterski – kr. 182 813 (Alpinanlegg)
- Ålfoten IL – kr. 228 707 (Karlsskaret, langrennsanlegg)
- Sandane Turn og IL – kr. 171 250 (Sandane idrettspark)
- Allmenning skyttarlag – kr. 8 200 (Allmenningfjellet skytebane)
- Bremanger IL – kr. 146 000 (Bjørsvika kunstgrasbane)
- Harpefossen skisenter – kr. 326 269 (Alpinanlegget på Harpefossen)
- Haugen IL – kr. 162 208 (Klubbhus på Klenkarberget)
- Hyllestad IL – kr. 164 000 (Hyllestad stadion)
- IL Syril – kr. 150 000 (Leikanger idrettspark, kunstgrasbane)
- Kinn kommune – kr. 500 000 (Nordfjordhallen)
- Sogndal kommune – kr. 538 300 (Sogndal idrettshall, symjeanlegg)
- Stryn kommune – kr. 409 000 (Stryn kulturhus, symjeanlegg)
- Sunnfjord kommune – kr. 62 500 (Årdal lysløype)
- Sogndal IL – kr. 729 743 (Sogndal skisenter Hodlekve)
- Kinn kommune – kr. 199 639 (Florø stadion)
- Årdal kommune – kr. 166 666 (Årdalshallen)

# HER HAR ELDSJELENE JOBBA DUGNAD I 30 ÅR

**Gilmar Kjelsnes har sidan 1995 jobba dugnad på stien rundt Bekkjavatnet. Like før jul fekk han og dei andre i «Bymarkas Venner» ei gåve på 500 000 frå prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien».**




*Bak frå venstre: Yngve Thorsen, Oddvar Flataker, Ove Helgås, Magn Henning Helgås, Eirik Thue, Torodd Bruland, Rolf Inge Tormodset og Agnar Åsnes. Framme frå venstre: Solfrid Trå, Anne Karin Tveit, Gilmar Kjelsnes og Anita Nordheim.*

– Dette er fantastisk, sa dugnadshelten Kjelsnes då han fekk overrekt gåva. Han er ein av 20 aktive som jobbar kontinuerleg med stien rundt Bekkjavatnet i Førde, og fleire av dei kan bokføre nærmare 300 timar dugnad i året.

Akkurat dugnadsinnsatsen til «Bymarkas Venner» vart understreka av fleire då gåva på 500 000 kroner vart utdelt.

– Då denne søknaden var oppe til handsaming i styret, var det full applaus. Det er mange som kjenner til den jobben som er gjort her oppe, og som heiar på arbeidet. Så det er berre «å stao pao» vidare, sa Eirik Thue i DNT Sogn og Fjordane under utdelinga.

Det er nettopp gjennom DNT Sogn og Fjordane si ordning «Eg gjekk ein tur på stien» at «Bymarkas Venner» har fått pengane sine. Dette sti-prosjektet vart lansert i 2024 då Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane med midlar frå overskotet til SpareBank 1 Sogn og Fjordane løyvde 20 millionar kroner til DNT Sogn og Fjordane. Målet med prosjektet er å legge til rette for utvikling av både nye og noverande turstiar i heile Sogn og Fjordane.

Sidan oppstarten har 17 turstiprosjekt fått gåvemidlar frå oss via DNT Sogn og Fjordane og «Eg gjekk ein tur på stien»:

- Askvoll kommune – kr. 180 000 (Prestegarden Rundt)
- Vener av Balestrandfjella – kr. 300 000 (Granali-Balali)
- Sogndal kommune – kr. 333 333 (Vikane-Lem)
- Selje IL – kr. 425 000 (Risnakken-Torvaldseggja)
- Stad kommune – kr. 75 000 (Naustdalskamben)
- Brekke IL – kr. 500 000 (Søtekollen)
- Oppstryn Bygdelag – kr. 240 000 (Glomnes-Segestad)
- Vener av Balestrandfjella – kr. 158 000 (Buråsi-Fjærestadstølen)
- Vener av Balestrandfjella – kr. 400 000 (Keipenstien i Balestrand)
- Høyanger kommune – kr. 487 000 (Sommarstien i Høyanger)
- Øen Grendalag – kr. 100 000 (Folkestien på Sørbøvåg)
- Hafslo Bygdelag – kr. 750 000 (Tursti mellom Hestnes og Osen på Hafslo)
- Bremanger kommune – kr. 125 500 (Tursti til Dosabu)
- Gloppen kommune – kr. 500 000 (Tursti til Haugsvarden)
- Fjaler kommune – kr. 300 000 (Tursti på Dalsåsen)
- Sunnfjord kommune – kr. 500 000 (Tursti langs Bekkjavatnet)
- Høyanger kommune – kr. 235 640 (Fossen Sti)

# Utanforskap – inkluderingsfondet

«Utenforskap kan ramme alle – små barn og unge, arbeidsledige, innvandre og flyktninger, syke og uføre, eldre eller enslige – folk i alle aldre og helt ulike livssituasjoner.» (Helgesen, 2016). I 2025 har Sparebankstiftinga vidareført sin innsats i høve utanforskap m.a. gjennom Inkluderingsfondet. Inkluderingsfondet er ei ordning som idrettslag og andre ideelle organisasjonar kan bruke til å hjelpe medlemmar som har behov for å bli inkludert, eller er frå familiar med vanskelegstilt økonomi. Familieøkonomien bør ikkje vere ein barriere for at born og unge kan delta i fritidsaktivitetar på linje med andre. Gjennom Inkluderingsfondet kan organisasjonar søke om å få midlar til å dekke til dømes medlemsavgift, treningsavgift, deltakaravgift og nødvendig personleg utstyr. Ordninga vart lansert saman med Vestland idrettskrets, m.a. fordi idretten har høg deltaking og er ein fritidsaktivitet som krev ulike eigenandelar, men også fordi idretten har erfaringar med å handtere problemstillinga. Ved utgangen av 2025 er det i sum delt ut om lag 1,5 millionar kroner til ulike organisasjonar frå Inkluderingsfondet.

# Rammegåver

Sparebankstiftinga ser at det styrker kompetanseutvikling og struktur når organisasjonane får høve til å forvalte midlar til eiga verksemd sjølve. Organisasjonane har også inngåande kunnskap om aktiviteten i sine eigne lokallag, og kan lettare prioritere mellom dei. I tillegg opplever lokallaga søknadsprosessen som enklare når ein vender seg til regionalleddet i eigen organisasjon. Derfor har stiftinga i 2025 vidareført ordninga med at dei største og mest aktive organisasjonane i Sogn og Fjordane, får ei rammegåve frå stiftinga som dei fordeler mellom lokallaga og til eventuelle overordna satsingar. Sparebankstiftinga har utarbeida eigne retningslinjer for rammegåver, og gåvemottakarar skal årleg rapportere korleis rammegåva er fordelt vidare på tiltak og lokallag.

I 2025 har følgande organisasjonar fått rammegåve:

- 4H Sogn og Fjordane
- DNT Sogn og Fjordane
- Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Ungdomslag – «Huset i Bygda» (fordeler midlar til lagseigde kulturhus)

# Gåvekronene

Avkastninga frå stiftinga sine oppsparte midlar og årlege utbyte frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane gir stiftinga høve til å bidra vesentleg til ei positiv utvikling i Sogn og Fjordane. Samstundes erkjenner Sparebankstiftinga at det i eit samfunnsperspektiv er avgrensa med midlar ein rår over. Då er det særskilt viktig at Sparebankstiftinga forvaltar midlane slik at dei utgjer ein reell skilnad. Stiftinga har derfor prioritert å støtte følgande område:

- Gode oppvekstsvilkår for barn og unge
- Bulyst og lokale trivselstiltak
- Folkehelse og humanitære tiltak
- Miljø og berekraft
- Utdanning og forsking
- Overordna næringsutvikling

Sparebankstiftinga ønsker òg å bidra til at meir midlar vert fordelt til vår del av landet. Derfor er stiftinga oppteken av å gå inn i gode «spleiselag» saman med både andre gode krefter og offentlege støtteordningar, slik at Sogn og Fjordane får mest mogleg ut av gåvemidlane Sparebankstiftinga har til rådvelde. Dette har vi lukkast godt med, og våre forsiktige anslag syner at stiftinga sine gåveutdelingar ordinært utløyser om lag 300 millionar kroner i andre gåver/tilskot pr. år. Midlar stiftinga typisk er med å utløyser er spelemidlar, forskningsrådet, kulturdepartementet, kommunale og fylkeskommunale tilskot.




*«Spleiselaget»: Slik kan ein typisk finansieringsmodell sjå ut for eit prosjekt/tiltak stiftinga bidreg til. Bidragsytarar og storleiken på dei ulike bidraga vil naturleg nok variere.*

# Korleis gåvene vert tildelt

Størstedelen av stiftinga sine midlar vert delte ut etter søknad. Alle søknadar vert registrert elektronisk på **www.sparebankstiftinga.no**, for å sikre ei profesjonell og kostnadseffektiv handsaming. Stiftinga har to søknadsfristar i året: 1. mars og 1. september. Handsamingstida er 8 veker. I tillegg er det mogeleg å søkje om «litt midlar raskt» gjennom «forenkla ordning». Her kan ein søke om inntil 50.000 kroner, når som helst, og få svar i løpet av ein månad.

Alle søknadar til stiftinga vert handsama fortruleg. Avslag vert ikkje annonsert, men alle tildelingar vert publisert i våre gåveoversikter. Sjå detaljert gåveliste i vedlegg til årsrapport og på **www.sparebankstiftinga.no**. For å sikre ei kompetent og upartisk handsaming spør stiftinga gåvenemnder utnemnt av banken om råd, medan avgjerd i alle saker vert fatta av styret i Sparebankstiftinga. Styret vert valt av Generalforsamlinga, som igjen vert valt av og blant kundane i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

# Prioritering og forvaltning av gåvemidlar

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har høve til å dele ut vesentlege gåvemidlar, men det er avgjerande at desse blir forvalta slik at dei skapar ein reell skilnad for samfunnet i Sogn og Fjordane.

For å sikre at midlane gir størst mogleg effekt, legg stiftinga særleg vekt på tiltak som fremjar barn og unge, bulyst og trivsel, utdanning og forsking, overordna næringsutvikling, samt klima, miljø og berekraft. Stiftinga ønsker å støtte den frivillige og ofte dugnadsbaserte innsatsen i lokalsamfunna og prioriterer prosjekt retta mot barn og unge, samt tiltak som bidrar bulyst, utvikling og tryggleik i lokalsamfunna.

Samtidig er det nokre område der stiftinga ser at bidraga vil ha avgrensa innverknad, og som derfor ikkje blir prioritert i like stor grad. Forprosjekt, infrastruktur og tiltak som naturleg fell inn under offentleg ansvar, fell inn under denne kategorien. Det same gjeld store investeringar i samferdsle og vegbygging, der kostnadsnivået er så høgt at stiftinga sine midlar ikkje vil utgjere ein avgjerande skilnad.

Kulturminne og bevaring har tradisjonelt ikkje vore eit prioritert område, men med auka gåverammer har stiftinga sett ei utvikling der denne typen prosjekt får stadig meir støtte, føresett at prosjekta held riktig kvalitet. I vurderinga av slike søknader legg stiftinga særleg vekt på prinsippet om «vern gjennom aktiv bruk», der kulturminne ikkje berre blir tekne vare på, men òg blir gjort tilgjengelege og relevante for dagens samfunn. Prosjekt som legg til rette for at kulturhistoriske bygningar og anlegg blir ein del av levande møteplassar eller formidling, vil ha større sjanse for å få støtte.

Andre formål som ikkje er prioriterte inkluderer støtte til politiske parti og formål, næringsføretak med eigeninntening som hovudmål, driftsstøtte til lukka lag, religionsutøving og prosjekt som er påbegynt eller fullført før søknaden er sendt.

# Miljø og berekraft

Stiftinga har vedtatt ein berekraftstrategi og har i dette arbeidet tatt utgangspunkt i FN sine berekraftsmål.
Måla der Sparebankstiftinga kan ha størst påverknad har prioritet.
Stiftinga har i strategiperioden valt å konsentrere seg om følgande berekraftsmål:

4 GOD UTDANNING

10 MINDRE ULIKHET

11 BÆREKRAFTIGE BYER OG LOKALSAMFUNN

13 STOPPE KLIMAENDRINGANE

Berekraftsmåla er viktige når gåvesøknadar blir vurdert og når stiftinga sjølv tek initiativ til gåveprosjekt. Stiftinga har i gåvesøknadsskjema lagt til rette for at lag og organisasjonar kan lage ein eigen berekraftsstrategi. I systemet ligg det ein mal som frivillig sektor kan nytte seg av. Stiftinga ønsker fleire initiativ og søknadar innan miljø og berekraft, og har konstruktiv dialog med fleire lag og organisasjonar. Stiftinga har i 2025 støtta fleire ryddeaksjonar gjennomført av mellom anna Rein Sognefjord, Handelens Miljøfond, Sogn Friluftsrådet og Fjordane Friluftsråd.

Stiftinga vurderer at ein har størst påverknad innan miljø og berekraft gjennom arbeidet med gåvetildelingar og samfunnsengasjement i Sogn og Fjordane. Innan kapitalforvaltninga har stiftinga tydelege retningslinjer for ansvarlege investeringar. Stiftinga legg til grunn at god avkastning over tid er avhengig av ei berekraftig utvikling i økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig forstand. Sentralt i ansvarlege investeringar er miljø, sosiale forhold og god eigarstyring (ESG). Stiftinga sine investeringar skal minimum oppfylle retningslinjene som til ein kvar tid gjeld for Statens Pensjonsfond Norge (Folketrygdfondet) og Statens Pensjonsfond Utland når det gjeld ansvarlege investeringar, herunder eksklusjon av selskap. Desse retningslinjene ligg til grunn når Stiftinga skal velje forvaltar og fond. Som stor eigar i banken har stiftinga også eit engasjement og ansvar for at banken arbeider målretta med miljø og berekraft. Stiftinga har jamleg dialog med banken om dette og er tilfreds med banken si utvikling og initiativ banken tek. Utfyllande informasjon om banken sitt arbeid innan miljø og berekraft ligg på SpareBank 1 Sogn og Fjordane sine nettsider.

Miljøfyrtårn®

*Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart i 2020 godkjent som Miljøfyrtårn og gjennomførte resertifisering i desember 2023. Stiftinga har òg vedteke ein berekraftsstrategi som fordrar at stiftinga opprettheld og aukar si sterke satsing på miljø og berekraft i åra framover.*

# Styret si oppsummering av 2025

## Innleiing

Sparebankstiftinga har dei siste åra hatt god vekst både i løyvde gåvemidlar og kapital som er til forvaltning. I 2025 vart det tildelt gåver for 148,7 millionar kroner.

Stiftinga sine hovudformål er å vere ein stor og langsiktig eigar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og vidareføre sparebanktradisjonane ved gi gåver til allmennyttige formål. Stiftinga skal ved utdeling av gåver først og fremst ta omsyn til dei distrikta som har bygt opp kapitalen i sparebanken. Stiftinga skal i tillegg utøve forsvarleg kapitalforvaltning.

«Drivkraft for Sogn og Fjordane» er stiftinga sin visjon. Gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal bidra til mangfald, trivsel og utvikling i heile Sogn og Fjordane. Stiftinga ønsker å støtte den frivillige og ofte dugnadsbaserte innsatsen i lokalsamfunna og prioriterer prosjekt retta mot barn og unge, samt tiltak som bidrar bulyst, utvikling og tryggleik i lokalsamfunna. I tillegg støttar stiftinga tiltak innan overordna næringsutvikling, forsking, utdanning, helse og humanitære formål. Miljø og berekraft er også eit prioritert område og stiftinga ser eit stort potensiale for å bidra meir innan miljø og berekraft.

Sidan starten i 2010 har stiftinga tildelt om lag 550 millionar kroner i gåver til allmennyttige formål i Sogn og Fjordane.

## Hovudtrekk for 2025

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har eit resultat på kr 684 895 188.

- Auke i utbytte frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane. I tillegg til ordinært utbytte betalte banken ut tilleggsutbytte i september 2025. Totalt vart det betalt 38 kroner i utbytte per eigenkapitalbevis i 2025. Banken held fram med å levere stabile resultat og har god kapitaldekning. Stiftinga har arbeidd aktivt med å følgje opp eigarrolla, mellom anna med fleire dialogmøte med leiinga i banken. Styret i stiftinga har vedtatt eigarstrategi. Denne strategien viser kva forventningar stiftinga har til banken og korleis stiftinga vil opptre som stor og langsiktig eigar. Stiftinga har to medlemmar i banken sitt styre i 2025.

- Gåvetildelingane har auka vesentleg dei siste åra og i 2025 delte stiftinga ut heile, 148,7 millionar kroner. Dette er ei historisk høg årleg tildeling frå stiftinga. Stiftinga opplever at aktiviteten i frivillig sektor er god og fekk mange gåvesøknadar i 2025. Styret opplever at stiftinga blir ein stadig viktigare samarbeidspart for frivillig sektor og tiltak med allmennyttig karakter i Sogn og Fjordane.

- Stiftinga etablerte i samarbeid med SpareBank 1 Sogn og Fjordane næringsstiftinga Drivkraft i 2025. Opprettarane går inn med totalt 100 millionar kroner over to år. Den nye stiftinga har som formål å legge til rette for nyskaping og vekst i regionen gjennom å stille med kapital, kompetanse og nettverk. Stiftinga Drivkraft skal iverksette tiltak og aktivitetar som bidrar til etablering og vidareutvikling av næringsverksemd og lokalt entreprenørskap på generell basis.

- Saman med Sparebankstiftelsen DnB var stiftinga med å fullfinansiere nytt visningssenter ved Astruptunet.

- I finansmarknaden vart det eit godt år. Både i aksjemarknaden og i rentemarknaden var det positiv utvikling i 2025. Stiftinga har valt å dele finansporteføljen i to porteføljar. Beredskapsporteføljen har som hovudformål å delta i framtidige kapitalutvidingar i banken og sikre drift og gåvetildelingar i stiftinga i tre år. Porteføljen har ein relativ låg risikoprofil. Den andre porteføljen, kalla den frie porteføljen, er forvalta med eit meir langsiktig perspektiv. Målet er at dette er kapital som skal komme framtidige generasjonar til gode og at den kan nyttast for å gjere større tildelingar eller investeringar innan allmennyttige formål når det vert vurdert som formålstenleg. Første plassering i denne porteføljen vart gjort i andre kvartal i 2024. Som følgje av høge utbytter frå banken og god avkastning i finansmarknaden hadde porteføljen god vekst i 2025.

## Gåvetildelingar

Gåvetildelingar er det hovudformålet som det er knytt størst aktivitet til i stiftinga. Styret er godt nøgd med arbeidet som er gjort innan samfunnsengasjement og gåvetildeling. Stifting har også styrka bemanninga innan samfunnsområdet i 2025 med eitt årsverk. Mange viktige tiltak og prosjekt i Sogn og Fjordane er tildelt midlar i 2025. Dei største enkelttildelingane var til den nyoppretta næringsstiftinga Drivkraft med 40 millionar kroner og Sunnfjord kommune som fekk 10 millionar kroner til Visningssenter ved Astruptunet. Det er løyvd tilsvarande beløp til desse tiltaka i 2026, med atterhald om at Generalforsamlinga gjev styret tilstrekkeleg gåveramme.

Strategien med å utvikle gåveinstituttet kontinuerleg og auke rammene for gåvetildeling gradvis har gitt stiftinga høve til å utvikle god kunnskap og gode rutinar for gåvetildelingane. Stiftinga er i sitt arbeid oppteken av å få god samfunnsnytte og høg frivillig innsats av gåvene som blir tildelt. Det er også innarbeidd rutine i søknadsskjemaet der søkjar må vurdere kva effekt tiltaket har for miljø og berekraft. Det blir tildelt gåver til samfunnsnyttige tiltak til dømes innan; barne- og ungdomsaktivitetar, fysisk aktivitet, kultur, overordna næringsutvikling og forsking/utdanning. I 2025 vart det tildelt gåver for nærmare 149 millionar kroner, noko som er ei rekordhøg tildeling frå stiftinga.

## Langsiktig og stabilt eigarskap

Stiftinga vart oppretta i 2010 i samband med fusjonen mellom SpareBank 1 Sogn og Fjordane og Fjaler Sparebank. Som eit resultat av fusjonen vart også Sparebankstiftinga Fjaler etablert. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 92,5 % av eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Eit viktig hovudformål for stiftinga er å vere ein langsiktig og stabil eigar i banken. Målet med eigarskapen er å oppnå ei konkurransedyktig avkastning og bidra til banken si vidare utvikling. Stiftinga har vedtektsfesta at ein skal eige meir enn 67 % av eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Det har ikkje skjedd vesentlege endringar i eigarforholda i banken gjennom året.

Styret er godt kjent med at ein svært høg eigardel, kombinert med at banken ikkje er børsnotert, medfører at stiftinga har høg konsentrasjonsrisiko. Stiftinga har fått vesentleg auka likviditet i 2025, noko som gir stiftinga god beredskapsevne til delta i framtidig kapitalutviding i banken.

Styret i stiftinga har vedtatt eigarstrategi som skildrar korleis stiftinga vil opptre som eigar og kva forventingar stiftinga har til banken.

Styret er godt fornøgd med resultatutviklinga i banken dei siste åra og SpareBank 1 Sogn og Fjordane leverer resultat som er på høgde med samanliknbare bankar. Banken har hatt god vekst og resultatutvikling over fleire år. Banken har god kapitaldekning, noko som gjer at stiftinga forventar at banken har god og stabil utbyttekapasitet også framover.

## Forsvarleg kapitalforvaltning

Både lovverk og vedtekter krev at stiftinga forvaltar kapitalen på ein forsvarleg og formålstenleg måte. Styret i stiftinga har vedteke og implementert plan for kapitalforvaltning. Planen blir revidert kvart år. Styret har høg merksemd på å opparbeide beredskapskapital, slik at stiftinga har evne til å stille opp den dagen banken har behov for meir eigenkapital.

Stiftinga har ein beredskapsportefølje på over 872 millionar kroner ved utgangen av 2025. Beredskapsporteføljen skal gje stiftinga grunnlag til å delta i framtidige kapitalutvidingar i banken og sikre 3 års drift og gåvetildelingar i stiftinga. Porteføljen har ein relativ låg risikoprofil og er fordelt på 20 % aksjar, 40 % obligasjonar og 40 % pengemarknad/bankinnskot. Porteføljen hadde i 2025 ei avkastning på 6,42 %.

Stiftinga har i tillegg etablert ei portefølje med frie midlar, som er forvalta med eit meir langsiktig perspektiv. Målet er at dette er kapital som skal komme framtidige generasjonar til gode og at den kan nyttast for å gjere større tildelingar eller investeringar innan allmennyttige tiltak når det vert vurdert som formålstenleg. Porteføljen har ein moderat til høg risikoprofil der 35 % er investert i obligasjonar og 65 i % aksjar ved utgangen av året. Ved utgangen av 2025 var det plassert 1 217 millionar kroner i denne porteføljen. Porteføljen hadde ei avkastning på 11,04 % i 2025.

Stiftinga har i all hovudsak ei indeksnær og passiv forvaltning av kapitalen. Porteføljen er fordelt på norske og utanlandske fond både når det gjeld aksjar og obligasjonar. Obligasjonsfonda er klassifisert som Investment Grade og globale obligasjonsfond er valutasikra.

2025 vart eit godt år i finansmarknaden med positiv utvikling i både aksje- og rentemarknaden. Med omsyn til risikoprofil, porteføljesamansetning og gjeldande marknadstilhøve, er styret godt fornøgd med forvaltninga og avkastninga i 2025.

## Vidareutvikling av rammeverk, retningslinjer og rutinar

Styret reviderer jamleg styringsdokumentet. Retningslinjer for internkontroll gjev rammer for stiftinga sin samla risiko og korleis risikoar stiftinga er eksponert for skal styrast og kontrollerast. Dagleg leiar gjennomfører årleg ein risikoanalyse, risiko-vurdering og tilrår eventuelle tiltak. Internkontrollen blir lagt fram for styret, og status skal rapporterast regelmessig til styret.

Søknadsportalen er under vidareutvikling, for å sikre at det skal vere enkelt å vere søkjar, og for at søknadane har god kvalitet og tilstrekkeleg informasjon. Gåvetildelinga i søknadsportalen blir avstemt mot rekneskapen og portalen har automatiserte varslingsrutinar, som skal sikre ein effektiv og informativ gåveprosess.

## Finansiell risiko

Stiftinga har finansiell risiko både når det gjeld eigarrolla i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og kapital som er til forvaltning.

Stiftinga sin største risiko er knytt til eigarskapen i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Stiftinga har høg konsentrasjonsrisiko som følgje av at stiftinga eig 92,5 % av eigenkapitalbevisa i banken. I eigarskaps-rolla er det også ein likviditetsrisiko, sidan banken ikkje er børsnotert. Eigarskapen er eit av dei viktigaste formåla til stiftinga, og det er vedtektsfesta at stiftinga skal eige minimum 67 % av eigenkapitalbevisa i banken.

Plan for kapitalforvaltninga er stiftinga sine overordna retningslinjer for forvaltninga av stiftingane sine midlar, ut over eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. I denne planen er det definert strategiske mål, avkastningsmål og risiko. I tillegg definerer strategien aktive klassar, allokeringsrammer og rapportering og oppfølging. Stiftinga opererer i hovudsak med ei indeksnær og passiv finansforvaltning.

Styret skal sjå etter at stiftinga sin kapital blir forvalta forsvarleg i tråd med formål og vedtekter. Styret handsamar og reviderer plan for kapital-forvaltning årleg.

## Styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt øvste organ og har 12 medlemmar og 4 varamedlemmar. Generalforsamlinga i 2025 består av 7 kvinner og 5 menn. Leiar av generalforsamlinga er Åge Avedal. Medlemmane blir valde blant innskotskundane i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, og blir valde for 4 år.

Styret i stiftinga består av 5 personar, 3 kvinner og 2 menn. Styret har hatt 10 styremøte i 2025. Leiar i styret er Vegard Strand. Stiftinga har teikna ansvarsforsikring for styret og dagleg leiar.

Styrande organ er nærare gjort greie for i eigen artikkel i årsrapporten og på **www.sparebankstiftinga.no**

## Administrasjon og HMS

Sparebankstiftinga har kontor i Førde. Administrasjon består av direktør Hallvard Klakegg, leiar for gåver og samfunn Yngve Thorsen og leiar prosjekt Lillan Fauske Loen. Stiftinga har også leigd inn administrative ressursar innan kommunikasjon og kapitalforvaltning gjennom året. Stiftinga har leveransar frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane innan tenester som rekneskap, personale og juridisk. Tenestene er på forretningsmessige vilkår.

Styret vurderer arbeidsmiljøet i organisasjonen som godt, og har ikkje iverksett spesielle arbeids-miljøtiltak. Det er ikkje registrert skader eller ulukker i verksemda. Det har ikkje vore sjukmeldingar i 2025.

## Ytre miljø og berekraft

Etter styret si vurdering er verksemda til stiftinga av ein slik karakter at den i liten grad forureinar det ytre miljøet. Stiftinga er sertifisert som Miljøfyrtårn. Stiftinga sine utslepp er primært knytt til drift av kontoret, transport ved reiser og kjøp av varer og tenester. Stiftinga har berekraft som eit av sine vurderingskriterium ved gåvetildelingar. Som eigar er stiftinga også oppteken av miljø og berekrafts-arbeidet i banken og stiftinga er fornøgd med tiltak og utviklingsplanar banken har på dette området. Innan kapitalforvaltninga har stiftinga retnings-linjer for ansvarlege investeringar. Stiftinga legg til grunn at god avkastning over tid er avhengig av ei berekraftig utvikling i økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig forstand. Sentralt i retningslinjene for ansvarlege investeringar er miljø, sosiale forhold og god eigarstyring (ESG).

## Balanse

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 3 918 425 330 kroner. Eigedelane i Sparebank-stiftinga Sogn og Fjordane består i hovudsak av:

- Eigenkapitalbevis i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, bokført verdi på kr 1 806 818 360
- Finansielle investeringar, bokført verdi på kr 1 897 359 054
- Bankinnskot kr 211 644 957

## Resultat og disponering av overskot

Hovudinntektene i rekneskapen for 2025 er utbyte frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane på kr 684 546 136.

Driftskostnadane for 2025 utgjer kr 8 722 313 og er fordelt på kr 5 602 047 i aktivitetskostnadar (dvs. kostnader knytt til formålsrealisering) og kr 3 120 266 i administrasjonskostnadar. Det er kostnadsført gåver for kr 146 591 145. Årsresultatet er på kr 684 895 188.

**Overskotet frå 2025 blir foreslått disponert slik:**

| | |
|---|---|
| Avsetning til Gåvefond: | kr 25 000 000 |
| Avsetning til Anna formålskapital: | kr 659 895 188 |

## Framtidsutsikter

Stiftinga baserer aktiviteten sin i mindre grad på overordna makroøkonomiske forventningar. Verksemda er først og fremst knytt til utbytte frå eigarskapen i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, samt avkastninga på andre finansielle investeringar. Banken har god resultatutvikling og god kjerne-kapitaldekning, noko som talar for gode og stabile utbytteutbetalingar også framover. Styret forventar derfor at stiftinga kan vidareføre ordinær aktivitet innanfor sine formål.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Førde 24. mars 2026
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

| | | |
|---|---|---|
| Vegard Tore Strand<br>styreleiar | Anne-Mari Sundal Bøe<br>nestleiar | Silje Skaar Sunde<br>styremedlem |
| Kjersti Røysum Petty<br>styremedlem | Leidulf Gloppestad<br>styremedlem | Hallvard Klakegg<br>direktør |

(Signert elektronisk)

# Aktivitetsbasert resultatrekneskap

TAL I TUSEN KRONER

| ERVERVA MIDLAR | Note | 2025 | 2024 |
|---|---|---|---|
| Utbytte | 1,2 | 684 546 | 633 731 |
| Vinst sal eigenkapitalbevis SSF | 1,2 | 0 | 17 899 |
| Vinst / tap sal anna finansielle instrument | | 0 | 5 390 |
| Verdiendring av finansielle instrument | 4 | 89 462 | 44 203 |
| Renteinntekter | 2,4 | 66 514 | 30 073 |
| **Sum inntekter på erverva midlar** | | **840 523** | **731 295** |
| | | | |
| **FORBRUKTE MIDLAR** | | | |
| Løyvde gåver og gåvebortfall | 5 | 146 591 | 97 602 |
| Aktivitetskostnader | 2,6,7,8,9 | 5 602 | 3 204 |
| Administrasjonskostnader | 2,6,7,8,9 | 3 120 | 3 450 |
| Andre finansinntekter og kostnader | | 314 | 206 |
| **Sum kostnader / forbrukte midlar** | | **155 628** | **104 461** |
| | | | |
| **AKTIVITETSRESULTAT** | | **684 895** | **626 834** |
| | | | |
| Overført gåvefond | | 25 000 | 25 000 |
| Overført anna formålskapital | | 659 895 | 601 834 |
| **Sum overføringar** | | **684 895** | **626 834** |

# Aktivitetsbasert balanse

TAL I TUSEN KRONER

| | | | |
|---|---|---|---|
| **EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmidlar** | Note | 31.12.2025 | 31.12.2024 |
| Formålsinvesteringar, eigenkapitalbevis SSF | 1 | 1 806 818 | 1 806 818 |
| Formålsinvesteringar, samfunnsnyttige | 3 | 2 144 | 2 000 |
| Programvare | 9 | 331 | 0 |
| **Sum anleggsmidler** | | **1 809 293** | **1 808 818** |
| **Omløpsmidlar** | | | |
| Kortsiktig fordringar og forskotsbetalte kostnader | | 128 | 38 |
| Finansielle investeringar | 4 | 1 897 359 | 1 118 703 |
| Bankinnskot | 10 | 211 645 | 286 157 |
| **Sum omløpsmidlar** | | **2 109 132** | **1 404 898** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **3 918 425** | **3 213 716** |
| **FORMÅLSKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Formålskapital** | | | |
| Grunnkapital | 11 | 1 408 500 | 1 408 500 |
| Gåvefond | 11 | 100 000 | 75 000 |
| Anna formålskapital | 11 | 2 323 054 | 1 663 159 |
| **Sum formålskapital** | | **3 831 554** | **3 146 659** |
| **Gjeld** | | | |
| Pensjonsforpliktingar | 8 | 1 194 | 1 025 |
| **Sum avseting for forpliktingar** | | **1 194** | **1 025** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Skuldige offentleg avgifter | | 363 | 298 |
| Leverandørgjeld | 2 | 644 | 237 |
| Løyvde gåver | 5 | 84 027 | 64 932 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 643 | 566 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **85 677** | **66 032** |
| **Sum gjeld** | | **86 871** | **67 057** |
| **SUM FORMÅLSKAPITAL OG GJELD** | | **3 918 425** | **3 213 716** |

Førde 24. mars 2026
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Vegard Tore Strand
styreleiar

Anne-Mari Sundal Bøe
nestleiar

Silje Skaar Sunde
styremedlem

Kjersti Røysum Petty
styremedlem

Leidulf Gloppestad
styremedlem

Hallvard Klakegg
direktør

(Signert elektronisk)

# Kontantstraumoppstilling

TAL I TUSEN KRONER

| **Kontantstraumar frå operasjonelle aktiviteter** | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Aktivitetsresultat | 684 895 | 626 834 |
| Endring i leverandørgjeld | 406 | 31 |
| Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar | 169 | 158 |
| Postar klassifiserte som investerings-/finansieringsaktiviteter | – 89 462 | – 67 491 |
| Endring i løyvde, ikkje utbetalte gåver | 19 096 | 22 195 |
| Endring i andre tidsavgrensningspostar | 53 | 160 |
| **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktiviteter** | **615 157** | **581 886** |
| | | |
| **Kontantstraumar frå investeringsaktiviteter** | | |
| Utbetalingar ved kjøp av samfunnsnyttige investeringar | – 475 | – 2 000 |
| Innbetalingar ved sal av eigenkapitalbevis | 0 | 31 565 |
| Innbetalingar ved sal av finansielle investeringer | 0 | 85 807 |
| Utbetalingar ved kjøp av finansielle investeringar | – 689 194 | – 659 627 |
| **Netto kontantstraum frå investeringsaktiviteter** | **– 689 669** | **– 544 255** |
| | | |
| **Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar** | **– 74 512** | **37 631** |
| Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved starten av perioden | 286 157 | 248 525 |
| **Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden** | **211 645** | **286 157** |

# Notar

## Rekneskapsprinsipp

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at SpareBank 1 Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskaplova og NRS (F) God rekneskapsskikk for ideelle organisasjoner.

Alle beløp i rekneskapen og notar er oppgitt i heile tusen kroner, dersom ikkje anna er oppgitt spesifikt.

### KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffing. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Formålsinvesteringar viser til investeringar som søkjer å oppfylle vedtekne formål i stiftinga. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Varige driftsmiddel er nedskrive til forventa realisasjonsverdi ved verdifall som er vurdert ikkje å vere forbigåande. Forventa realisasjonsbeløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av framtidige kontantstraumar knytt til eigedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Finansielle investeringar gjeld plasseringar i obligasjons- og aksjefond der underliggande verdiar er marknadskursar. Fonda blir klassifisert som omløpsmiddel og vurdert enkeltvis til verkeleg verdi på balansedagen. Urealiserte vinstar og tap blir resultatført netto på rekneskapslinja «Verdiendring av finansielle instrument».

Formålsinvesteringar eigenkapitalbevis SSF, gjeld ei langsiktig plassering i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Denne vurderast for nedskriving på lik linje med varige driftsmiddel, og vil skrivast ned til verkeleg verdi, om det er indikasjonar på verdifall som er vurdert å ikkje vere forbigåande.

### GÅVEFOND

Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gåver og drift av stiftinga.

### ANNAN FORMÅLSKAPITAL

Formålskapital som ikkje er underlagt restriksjonar er annan formålskapital.

### LØYVDE GÅVER

Generalforsamlinga vedtek ramme for gåveutdeling, medan styret forvaltar dei disponible midlane frå generalforsamlinga. Gåver tildelt frå styret, blir kostnadsført på innvilgingstidspunktet, uavhengig av om utbetalinga har skjedd eller ikkje. Dersom det er vilkår knytt til bevilginga vil den bli kostnadsført dersom det er sannsynligheitsovervekt for at vilkåra blir oppfylt og utbetalinga vil skje. Styre kan løyve gåver for kommande år med forutsetning om at generalforsamlinga løyver tilstrekkeleg gåvemidlar, i disse tilfella blir gåvene kostnadsført når generalforsamlinga løyver midlar for det aktuelle året. Bortfall av løyvde gåver blir ført som negative kostnader på same måte som kostnaden opprinneleg blei kostnadsført. I balansen blir dei tildelte gåvene avsett som kortsiktig gjeld «Løyvde gåver» og redusert i takt med utbetalinga.

### INNTEKTSFØRING FRÅ FINANSIELLE INSTRUMENT

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatført når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For utbytte inneber det normalt inntektsføring i utdelingsåret, med mindre det er ei betydeleg sannsynligheitsovervekt for slik utdeling på balansedagen 31.12. Inntektsføring kan i dei tilfella skje i avsetningsåret.

### SAMANSTILLING AV KOSTNADER

Kostnader blir fordelt mellom aktivitet- og administrasjonsutgifter etter forbruk. Forbruk av midlar vert periodisert etterkvart som aktivitetane er gjennomført.

### PENSJON

1. **Innskotsbaserte ordningar**
   Stiftinga har innskotsbasert pensjonsordning. Innskotsbaserte pensjonsordningar inneber at stiftinga ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjonsordning. Den framtidige pensjonen vil avhenge av storleiken på innskotet og den årlege avkastninga på pensjonssparinga. Stiftinga har ikkje noko ansvar for dette utover å innbetale det årlege innskotet.

2. **Kompensasjonspensjon**
   For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avvikling av denne i 2016, er det inngått avtale om kompensasjon for redusert pensjon. Denne forpliktinga er berekna for den enkelte tilsette og oppteninga pr. 31.12 er ført som pensjonsforplikting i balansen.

3. **Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)**
   Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ei AFP-ordning. Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. Den nye AFP-ordninga er finansiert gjennom premieinnbetalingar og er innrekna i rekneskapen som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan målast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje sett av noko i balansen for ordninga.

SKATT
Stiftinga har ikkje erverv som formål, og er ikkje skattepliktig jf. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

## Note 1 Formålsinvesteringar, eigenkapitalbevis i SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Stiftinga har slik eigardel i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, med forretningskontor i Førde:

| Tal i heile kroner | Eigarandel | Eigarandels-kapital stemmerett* | Tal eigen-kapital-bevis | Pålydande | Kostpris |
|---|---|---|---|---|---|
| SpareBank 1 Sogn og Fjordane | 92,46 % | 40 % | 18 014 372 | 100 | 1 806 818 360 |

* I følgje vedtektene til SpareBank 1 Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40 % stemmerett i generalforsamlinga. Det er difor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Eigenkapitalbevisa, som stiftinga eig i SpareBank 1 Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmiddel ut frå at dei er bestemt til varig eige. I mangel på børsnotering av eigenkapitalbevisa er verdien vurdert ut frå tilgjengeleg informasjon basert på rekneskapstal. Ut frå gjennomført verdivurdering av banken sin marknadsverdi er konklusjonen at nedskriving ikkje er aktuelt pr. 31.12.25 og at verdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i SpareBank 1 Sogn og Fjordane blir sett lik anskaffelseskost.

**Nøkkeltal frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane kvartalsrapport 4. kvartal 2025 (konsern, ikkje revidert):**

Tal i million kroner

| **Resultatrekneskap** | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Totalresultat | 886 | 992 |
| | | |
| **Balanse** | | |
| Eigenkapitalbevis | 1 948 | 1 948 |
| Overkurs | 16 | 16 |
| Utjamningsfond | 3 073 | 3 296 |
| Eigne EK-bevis | 0 | – 13 |
| **Sum eigarandelskapital** | **5 037** | **5 247** |
| | | |
| Grunnfond | 1 048 | 950 |
| **Sum grunnfondskapital** | **1 048** | **950** |
| | | |
| Fond for urealiserte vinstar | 339 | 322 |
| Annan eigenkapital | 186 | 201 |
| Hybridkapital | 600 | 500 |
| Avsett til utbytte og gåver | 604 | 408 |
| | | |
| **Sum eigenkapital** | **7 815** | **7 628** |

## Note 2 Transaksjoner og mellomværende med nærstående partar/tilknytta selskap

| **Nærstående part/tilknytta selskap** | Tilknytning | Eigarandel | Eigarandelskapital stemmerett* |
|---|---|---|---|
| SpareBank 1 Sogn og Fjordane | Egenkapital-bevis eigar | 92,46 % | 40 % |

**Transaksjonar med SpareBank 1 Sogn og Fjordane (SSF)**
Alle transaksjonar er føretatt som del av den ordinære verksemda og til marknadsprisar forhandla fram mellom partane. Dei mest vesentlege transaksjonane er:

| | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Utbytte frå SSF | 684 546 | 633 731 |
| Sal eigenkapitalbevis SSF | 0 | 31 565 |
| Renteinntekter | 10 156 | 9 290 |
| Kjøp administative tenester | 357 | 333 |
| Leige kontorlokale | 257 | 212 |

Balansen inkluderar desse transaksjonane med SpareBank 1 Sogn og Fjordane

| | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Bankinnskot | 211 569 | 135 054 |
| Leverandørgjeld | 391 | 65 |

## Note 3 Formålsinvesteringar, samfunnsnyttige

**Pr. 31.12.25 har stiftinga følgjande investeringar**

| | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Kunstsamling | 2 144 | 2 000 |
| **Sum samfunnsnyttige investeringar** | **2 144** | **2 000** |

## Note 4 Finansielle investeringar

| **Pr. 31.12.25 har stiftinga følgjande investeringar** | Kostpris | Marknads-verdi 31.12.25 | Resultat-ført verdi-endring 2025 | Balanse-ført verdi-endring 31.12.25 | Bokført verdi 31.12.25 | Inntekts-ført utbytte 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Globale aksjefond | 627 875 | 739 103 | 59 371 | 111 228 | 739 103 | 0 |
| Nordisk aksjefond | 200 867 | 248 449 | 34 883 | 47 582 | 248 449 | 0 |
| Globale obligasjonsfond | 549 670 | 545 127 | - 7 001 | - 4 543 | 545 127 | 36 317 |
| Nordisk obligasjonsfond | 198 305 | 202 069 | 2 361 | 3 764 | 202 069 | 6 773 |
| Pengmarknadsfond | 162 883 | 162 612 | - 152 | - 272 | 162 612 | 8 353 |
| **Sum aksje- og obligasjonsfond** | **1 739 600** | **1 897 359** | **89 462** | **157 759** | **1 897 359** | **51 443** |

| **Pr. 31.12.24 har stiftinga følgjande investeringar** | Kostpris | Marknads-verdi 31.12.24 | Resultat-ført verdi-endring 2024 | Balanse-ført verdi-endring 31.12.24 | Bokført verdi 31.12.24 | Inntekts-ført utbytte 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Globale aksjefond | 238 698 | 290 556 | 33 569 | 51 858 | 290 556 | 0 |
| Nordisk aksjefond | 126 205 | 138 903 | 3 342 | 12 698 | 138 903 | 0 |
| Globale obligasjonsfond | 397 643 | 400 101 | 9 259 | 2 458 | 400 101 | 3 122 |
| Nordisk obligasjonsfond | 133 330 | 134 732 | 677 | 1 403 | 134 732 | 1 703 |
| Pengmarknadsfond | 154 530 | 154 411 | - 1 025 | - 119 | 154 411 | 8 704 |
| Resultatført verdiendring sal fond | 0 | 0 | - 1 618 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum aksje- og obligasjonsfond** | **1 050 406** | **1 118 703** | **44 203** | **68 297** | **1 118 703** | **13 529** |

## Note 5  Løyvde gåvemidlar

| | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Løyvde gåver, tildelt | 148 684 | 98 484 |
| Fråfall av gåver, tidlegare løyvde | – 2 092 | – 882 |
| **Løyvde gåver** | **146 591** | **97 602** |
| Løyvde, ikkje utbetalte gåver 01.01. | 64 932 | 42 737 |
| Løyvde gåver, tildelt | 146 591 | 97 602 |
| Utbetalte gåver | – 127 495 | – 75 407 |
| **Løyvde, ikkje utbetalte gåver 31.12.** | **84 027** | **64 932** |

I tillegg er det pr. 31.12.2025 løyvd gåver på tilsaman kr 60 000 med atterhald om at generalforsamlinga løyver tilstrekkelege gåvemidlar komande år.

## Note 6  Driftskostnadar

| **Driftskostnader etter aktivitet** | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| **Aktivitetskostnader** | | |
| Aktivitets- og arrangementskostnader | 303 | 70 |
| Løn- og honorarkostnadar | 3 344 | 2 350 |
| Konsulent- og bistandtenester frå SSF | 232 | 0 |
| Andre konsulent- og bistandtenester | 124 | 160 |
| Kontorkostnader | 985 | 347 |
| Andre driftskostnader | 614 | 276 |
| **Sum aktivitetskostnader** | **5 602** | **3 204** |
| | | |
| **Administrasjonskostnader** | | |
| Løn- og honorarkostnadar | 1 958 | 2 148 |
| Konsulent- og bistandtenester frå SSF | 125 | 333 |
| Andre konsulent- og bistandtenester | 26 | 98 |
| Kontorkostnader | 416 | 219 |
| Andre driftskostnader | 595 | 651 |
| **Sum administrasjonskostnader** | **3 120** | **3 450** |
| | | |
| **Sum driftskostnader etter aktivitet** | **8 722** | **6 654** |

Stiftinga sine vedtektsfesta formål er å vere ein langsiktig eigar av SpareBank 1 Sogn og Fjordane, forvalte stiftinga sine verdiar på ein god måte og dele ut gåver til allmennyttige formål. Ut frå dette er kostnader knytt til utøving av eigarskap, omdømmebygging og forvaltning av stiftinga sine eigedeler definert som formåls-aktivitetar, i tillegg til gåver til allmennyttige formål. Kostnader knytt til styring, kontroll og eigenutvikling er administrasjonskostnader. Felleskostnader som gjeld både aktivitet- og administrasjonskostnader er fordelt etter forbrukt tid eller mengde.

| **Driftskostnader etter art** | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Løn, honorar og andre personalkostnader | 5 302 | 4 498 |
| Andre driftskostnader | 3 421 | 2 155 |
| **Sum driftskostnader etter art** | **8 722** | **6 654** |

## Note 7  Lønnskostnader, godtgjersle, tal tilsette

| **Lønskostnader** | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Løn og honorarkostnader | 4 248 | 3 574 |
| Pensjonskostnader | 514 | 439 |
| Arbeidsgjevaravgift | 489 | 438 |
| Anna | 50 | 48 |
| **Sum** | **5 302** | **4 498** |
| Tal årsverk | 3,2 | 2,6 |
| Tal tilsette pr. 31.12. | 5 | 4 |

| **Ytingar til leiande personar** | Dagleg leiar | Styre | General-forsamling |
|---|---|---|---|
| Løn | 1 469 | 644 | 155 |
| Naturalytingar | 14 | 0 | 0 |
| Pensjonskostnader | 329 | 0 | 0 |
| **Sum** | **1 811** | **644** | **155** |

Leiande tilsette har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.
Det er ikkje ytt lån til medlemmer av styret eller tilsette.

| **Godtgjersle til revisor** | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Revisjon | 33 | 65 |
| Andre ytingar | 8 | 0 |
| **Sum godtgjersle inkl. mva** | **40** | **65** |

## Note 8  Pensjonskostnader og forpliktingar

GENERELT
Stiftinga er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjonsforsikring. Stiftinga har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova. Stiftinga har følgjande pensjonsordningar:

1. **Innskotspensjon**
   Stiftinga har innskotspensjonsordning. Innskotspensjonsordninga inneber at stiftinga innbetalar premie til ei innskotspensjonsordning i eit forsikringsselskap. I 2025 utgjer innbetalinga 7 % av ordinær lønn opp til 7,1 G og 15 % av ordinær lønn mellom 7,1 og 12 G. Dei tilsette kan sjølv velje når dei vil ta ut innskotspensjon, men tidlegast frå fylte 62 år og seinast ved fylte 75 år. Normal utbetalingstid er 10 år. Innbetalt pensjonskapital og tilhøyrande avkastning, med frådrag av administrasjonskostnader, er den enkelte tilsette sin eigedom og ordninga kan arvast dersom den tilsette skulle falle frå før pensjonsmidlane er utbetalt. Innskotspensjons-ordninga er ikkje balanseført.

2. **Kompensasjonspensjon**
   For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avslutning av denne 01.06.2016, og som fekk lågare pensjon ved overgang til innskotspensjon, er det inngått ein avtale om kompensasjon for redusert forventa pensjon. Kompensasjonspensjonen er usikra. Forpliktinga er utrekna for den enkelte ut frå kva som er opptent pr. 31.12 og er ført som pensjonsforplikting i balansen.

3. **Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)**
   Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ei AFP-ordning. Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. AFP-ordninga blir finansiert gjennom premieinnbetalingar og er rekna inn i rekneskapen som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan identifiserast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje føretatt avsetning i balansen for ordninga. AFP-ytinga er ei livsvarig yting som tidlegast kan takast ut ved fylte 62 år. Det er ei kvalifiseringsordning som betyr at tilsette må innfri vilkåra i AFP-vedtektene for å motta ytinga. AFP-ordninga er basert på eit samarbeid av tre partar, dvs. arbeidsgjevarorganisasjonar, arbeidstakarorganisasjonar og staten. Staten dekkjer 1/3 av pensjonsutgiftene til AFP, medan tilslutta føretak dekkjer 2/3. Føretak som deltar i ordninga er solidarisk ansvarlege for 2/3 av pensjonen som skal betalast. Ansvaret gjeld både manglande innbetaling og dersom premiesatsen viser seg å vere utilstrekkeleg. Alle tilsette i stiftinga er med i ordninga. Ved uttak vil det bli rekna ut ein årleg pensjon på grunnlag av pensjons-gjevande inntekt opp til 7,1G frå fylte 13 år, til og med fylte 61 år. Ordninga er administrert av Fellesordninga for AFP, som også fastset og krev inn premie. I 2025 utgjorde premien 2,7 % av lønn mellom 1 G og 7,1 G.

## Note 8  Pensjonskostnader og forpliktingar, framhald

### 4. Sum pensjonskostnad og forplikting

| **Pensjonskostnad inkl. arbeidsgjevaravgift** | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Innskotspensjon | 338 | 264 |
| Kompensasjonspensjon | 169 | 158 |
| Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP) | 44 | 46 |
| **Sum** | **551** | **468** |

| **Pensjonsforplikting inkl. arbeidsgjevaravgift** | 31.12.25 | 31.12.24 |
|---|---|---|
| Kompensasjonspensjon | 1 194 | 1 025 |
| **Sum** | **1 194** | **1 025** |

## Note 9  Immaterielle eigedelar

| | Programvare |
|---|---|
| Kostpris pr. 01.01. | 429 |
| Tilgang | 331 |
| Avgang | 0 |
| Samla avskrivingar | 429 |
| **Bokført verdi 31.12.** | **331** |
| Avskrivingar for året | 0 |
| Lineær avskriving | 3 år |

Programvare i tilgang er under utvikling, avskriving starter ved ferdigstilling.

## Note 10  Bankinnskot

| | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Bundne skattetrekksmidlar | 233 | 184 |
| Innskot med 31 dager oppseing | 191 801 | 174 416 |
| Innskot utan binding | 19 611 | 111 556 |
| **Sum bankinnskot** | **211 645** | **286 157** |

## Note 11 Formålskapital

| | Grunnkapital | Gåvefond * | Anna formålskapital | Sum formålskapital |
|---|---|---|---|---|
| **Formålskapital 01.01.2025** | **1 408 500** | **75 000** | **1 663 159** | **3 146 659** |
| Årsresultat | 0 | 25 000 | 659 895 | 684 895 |
| **Formålskapital 31.12.2025** | **1 408 500** | **100 000** | **2 323 054** | **3 831 554** |

*Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gåver og drift av stiftinga.

Cedra Norge AS
Fjellvegen 9
6800 Førde. Norge
Tlf: +47 322 64 100

Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

# Melding frå uavhengig revisor

**Konklusjon**

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som er samansett av aktivitetsbasert balanse per 31. desember 2025, aktivitetsbasert resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2025 og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

**Ytterlegare informasjon**

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

**Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen**

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

**Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen**
Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For videre beskriving av revisor sine oppgåver og plikter, sjå her: https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

## Fråsegn om andre lovmessige krav

**Konklusjon om utdeling og forvalting**
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, meiner vi at forvaltinga av stiftinga og utdelingane er i samsvar med lov og stiftinga sitt føremål og vedtekter.

Førde, 24. mars 2026
Cedra Norge AS

Hallgeir A. Bruvik

Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

# Sparebankstiftinga sine styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt øvste organ og har 12 medlemer og 4 varamedlemer. Samansettinga skal spegle kundestrukturen i SpareBank 1 Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, og andre samfunns-messige interesser knytt til Sparebankstiftinga si verksemd. Medlemene blir valde for 4 år.

Den årlege ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd, fastsette godtgjersle til styret, føreta val av revisor og fastsette revisor si godtgjersle.

Styret skal ha 3–8 medlemer og 2 varamedlemer. Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sine formål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdelinga av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

## Generalforsamling:

MEDLEMER
Åge Avedal, Førde (leiar)
Kristin Svardal (nestleiar)
Linda Hovland, Dale
Laila Johannessen, Hyllestad
Roger Aa Djupvik, Sandane
Monika Refvik, Vågsøy
Martine Forre Sveian, Bremanger
Gro Gjerdevik, Nordfjordeid
Geir Støfring, Jølster
Nils Magne Slinde, Leikanger
Siv Merete Stadheim, Florø
Thomas Norheim Moen, Årdalstangen

VARAMEDLEMER
1. John Gerick Bårøy, Hyllestad
2. Marte Kvisterø Krogstadmo, Sogndal
3. Malen Lunde Sætren, Bryggja
4. Thea Flo, Oppstryn

## Styret:

MEDLEMER
Vegard Strand, Fjaler (styreleiar)
Anne-Mari Sundal Bøe, Florø (nestleiar)
Leidulf Gloppestad, Gloppen
Kjersti Røysum Petty, Sogndal
Silje Skaar Sunde, Førde

VARAMEDLEMER
1. Hans Gunnar Hagelin, Sogndal
2. Anita Nordheim, Høyanger

## Administrasjon:

Direktør Hallvard Klakegg
Leiar gåve og samfunnskontakt Yngve Thorsen
Leiar prosjekt Lillian Fauske Loen

# Styring og kontroll med stiftinga si verksemd

## Strategi, rutinar og kontroll

Som langsiktig og dominerande eigar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane forvaltar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane store verdiar. Gjennom denne eigarrolla og ansvaret for utdeling av gåver til allmennyttige formål har stiftinga eit stort samfunnsansvar. Det er vedtatt styringsprinsipp som skal gi samfunnet, styresmakter og styrande organ tryggheit for at stiftinga sine formål blir innfridd og at verdiane i stiftinga blir sikra for framtida.

Styret har utarbeidd ein plan for kapitalforvaltning som skal sikre at stiftinga sine verdiar blir forvalta på ein trygg og god måte. Denne planen fastset at det skal prioriterast å bygge reserve til framtidige kapitalutvidingar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. I tillegg skal det settast av reservar i gåvefond for å sikre kontinuitet i gåvetildelingar. Stiftinga sine kapitalreservar skal i denne fasen primært vere plassert i aktiva med låg risikoprofil.

Ansvarsfordelinga mellom styret og administrasjonen og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling. Etterleving av desse rutinane er rapportert til styret saman med vurdering av internkontrollen. Det blir sett i verk tiltak for forbetringar på område der det er påvist behov. Risikosituasjonen blir rapportert til styret periodisk.

Stiftinga kjøper på forretningsmessig grunnlag tenester frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Dette omfattar tenester innan rekneskapsføring, personal og juridisk.

## Openheit

Informasjon til stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåvetildeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har derfor eiga nettside der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknadsskjema for gåver, søknadsfristar og praktiske opplysningar til søkarar blir lagt ut.

Liste over tildelte gåver er lagt ut på stiftinga sine heimesider. Opplysningar om stiftinga si investeringsportefølje vil også bli lagt ut.

## Forvaltning og eigarskap

Stiftinga skal ha evigvarande drift som utgangspunkt for si kapitalforvaltning og skal ikkje investere i høgrisikoprodukt. Det skal også visast stor grad av aktsemd for å unngå investeringar som utgjer ein risiko for medverknad til uetiske handlingar, krenking av menneske og arbeidstakarrettar, korrupsjon og miljø-øydeleggingar.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er, med sin dominerande eigardel, SpareBank 1 Sogn og Fjordane si viktigaste kjelde til eigenkapital i vanskelege tider. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting. Stiftinga søker aktivt posisjonar i banken sine styrande organ.

I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i eigne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning i form av utbytte. Stiftinga har utarbeidd ein tydleg og grundig eigarstrategi. I strategien er det definert korleis stiftinga vil opptre og kva forventningar stiftinga har til banken. Eigarstrategien ligg tilgjengeleg på stiftinga sine heimesider.

## Etiske retningslinjer

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av høg tillit frå alle interessegrupper; søkjarar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningssamband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er derfor utarbeidd etiske reglar som inneheld generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemer i styrande organ og alle tilsette.

Stiftinga har også utarbeidd retningslinjer for habilitet.

# Oversikt over gåvetildelingar i 2025

TAL I HEILE KR

Fleire gåver til same mottakar er slått saman i oversikten.
Sum gåver kan avvike frå rekneskapstal, grunna fråfall av gåver ref. note 5.

| | |
|---|---|
| 4H SOGN OG FJORDANE | 600 000 |
| AKSELLO AS | 1 180 000 |
| AKTIV RAUDEBERG | 40 000 |
| ALMENNING IL | 5 000 |
| ALMENNING SKYTTARLAG | 10 000 |
| ASKVOLL IDRETTSLAG | 315 000 |
| ASKVOLL KOMMUNE | 80 000 |
| ASKVOLL NÆRINGSUTVIKLING | 150 000 |
| ASKVOLL VEL | 12 500 |
| ATLØY IDRETTSLAG | 565 000 |
| ATLØY KULTURHUS SA | 61 000 |
| BALESTRAND KOREHUS | 20 000 |
| BALESTRAND SKYTTERLAG | 80 000 |
| BAREKSTAD/HOVDEVÅG GRENDALAG | 45 000 |
| BATALDEN BEDEHUSKAPELL | 20 000 |
| BERGSIDA GRENDALAG | 130 000 |
| BORGUND UNGDOMSLAG | 300 000 |
| BOTN VEL | 150 000 |
| BRAK STI | 285 000 |
| BRATTLAND BUSTADLAG | 50 000 |
| BREIDVIK OG BÅLEN BYGDELAG | 25 000 |
| BREIM BYGDEUNGDOMSLAG | 50 000 |
| BREIMSBYGDA IL | 60 000 |
| BREKKE BYGDELAG | 20 000 |
| BREKKE IDRETTSLAG | 50 000 |
| BREMANGER IDRETTSLAG | 60 100 |
| BREMANGER KOMMUNE SKULE OG BARNEHAGE | 25 000 |
| BREMANGER SKULEMUSIKK | 30 000 |
| BULANDET BYGDEHUS | 5 000 |
| BYGDELAGET HAVGLIMT | 60 000 |
| BYGSTAD UNGDOMSLAG | 50 000 |
| BYMARKAS VENNER | 130 000 |
| BÅTEVIKA BORETTSLAG | 70 000 |
| DALSFJORDEN/ YTRE SOGN FJORDHESTLAG | 15 000 |
| DANS UTEN GRENSER AS | 1 100 000 |
| DAVIK IDRETTSLAG | 80 000 |
| DIABETESFORBUNDET NORDFJORD | 5 000 |
| DNT SOGN OG FJORDANE | 5 500 000 |
| EID IDRETTSLAG | 110 000 |
| EID JEGER OG FISKELAG | 50 000 |
| EID RØDE KORS | 200 000 |
| EIDE KRINS | 40 000 |
| EIKEFJORD GRENDALAG | 30 000 |
| EIKEFJORD IDRETTSLAG | 330 000 |
| EIVINDVIK IDRETTSLAG | 50 000 |
| EVENTYRSTIENS VENNER | 20 000 |
| FAGRE STRYN AKTIVITETSSELSKAP AS | 150 000 |
| FARNES SKULEMUSIKK | 40 000 |
| FARNES SKYTTARLAG | 50 000 |
| FAU BREIM SKULE | 20 000 |
| FAU FJORDLY BARNEHAGE | 20 000 |
| FAU FØRDE BARNESKULE | 30 000 |
| FAU SKEI SKULE | 40 000 |
| FAU STRYN UNGDOMSSKULE | 30 000 |
| FAU SUNDE BARNEHAGE | 100 000 |
| FAU SVELGEN OPPVEKST | 30 000 |
| FAU TONNING SKULE | 250 000 |
| FELLESANLEGGET-TUA | 200 000 |
| FIMREITE GRENDALAG | 40 000 |
| FJORDANE FRILUFTSRÅD (KO) | 790 000 |
| FJORDANE GRENDELAG | 10 000 |
| FJORDKYSTEN REGIONAL- OG GEOPARK | 200 000 |
| FJÆRLAND BYGDALAG | 35 000 |
| FJÆRLAND IDRETTSLAG | 50 000 |
| FLATRAKET BYGDELAG | 40 000 |
| FLATRAKET IDRETTSLAG | 12 500 |
| FLORA CYKLEKLUBB | 70 000 |
| FLORA MUSIKKRÅD | 80 000 |
| FLORA TURLAG | 1 100 000 |
| FLORØ HUSFLIDSLAG | 30 000 |
| FLORØ LIVE | 60 000 |
| FLORØ ROTARY KLUBB | 30 000 |

| | |
|---|---|
| FLORØ SANITETSFORENING | 45 000 |
| FLORØ SEILFORENING | 55 000 |
| FLORØ SPORTSKLUBB | 1 180 000 |
| FLORØ TENNISKLUBB | 250 000 |
| FLORØ TURN OG IDRETTSFORENING | 85 000 |
| FLORØSKULEN BRASSBAND | 20 000 |
| FOLKEAKADEMIET FØRDE | 30 000 |
| FOLKEAKADEMIET SOGN OG FJORDANE | 30 000 |
| FOREININGA GROBYGGET | 100 000 |
| FOREININGA HØYANGERDAGANE | 30 000 |
| FORENINGEN BYGSTAD SKULE FORELDRERÅDETS ARBEIDSUTVALG (FAU) | 164 000 |
| FRAMTIDSFYLKET AS | 250 000 |
| FUNKSJONSHEMMEDES FELLEORGANISASJON | 50 000 |
| FURORE-STIPEND X 10 | 1 000 000 |
| FØRDE FUNCTIONAL FITNESSKLUBB | 18 000 |
| FØRDE IDRETTSLAG | 880 000 |
| FØRDE JAKT OG FISKELAG | 500 000 |
| FØRDE PISTOL KLUBB | 40 000 |
| FØRDE RØDE KORS | 300 000 |
| FØRDE SENIORKOR | 40 000 |
| FØRDE SKULEMUSIKKORPS | 77 200 |
| FØRDE SOKN | 20 000 |
| FØRDE STUDENTIDRETTSLAG | 100 000 |
| FØRDE SYMJING | 80 000 |
| FØRDE TENNISKLUBB | 30 000 |
| FØRDE UNGDOMSLAG | 17 000 |
| FØRDE VOLLEYBALLKLUBB | 300 000 |
| GAMLE INNVIK ULLVAREFABRIKK STI | 745 000 |
| GAULAR IDRETTSLAG | 180 000 |
| GAULAR SKYTTARLAG | 200 000 |
| GEITHOLMSLAGET | 30 000 |
| GJENSYN | 80 000 |
| GJESTHALLA | 30 000 |
| GLOFØYKJE METALLSØKERFORENING | 25 000 |
| GLOPPEN DARTKLUBB | 20 000 |
| GLOPPEN HANDBALLKLUBB | 20 000 |
| GLOPPEN HUSFLIDSLAG | 20 000 |
| GLOPPEN KOMMUNE | 100 000 |
| GLOPPEN PADLEKLUBB | 30 000 |
| GLOPPEN RØDE KORS HJELPEKORPS | 25 000 |

| | |
|---|---|
| GLOPPENUTVIKLING AS | 150 000 |
| GRØN INTEGRERING | 30 000 |
| HAFSLO SOGELAG | 30 000 |
| HARDBAGG IL | 300 000 |
| HAUGEN IDRETTSLAG | 50 000 |
| HAVBLIKK | 150 000 |
| HEIMHUG UNGDOMSLAG | 20 000 |
| HELLE OG VÅRDAL BYGDELAG | 48 000 |
| HELSE FØRDE HF | 467 500 |
| HESTEHYTTAS VENNER | 30 000 |
| HJELLE SKULEMUSIKK | 10 000 |
| HLF FLORA / BREMANGER | 20 000 |
| HLF FØRDE OG OMLAND | 30 000 |
| HOLSEN SKYTTARLAG | 40 000 |
| HOLVIK BYGDELAG | 20 000 |
| HORNINDAL BRANN OG REDNINGSFORENING | 35 000 |
| HORNINDAL IDRETTSLAG | 380 000 |
| HORNINDAL NÆRINGSLAG | 25 000 |
| HORNINDAL SKISENTER AS | 500 000 |
| HUB FOR OCEAN | 2 000 000 |
| HUB YRKESFAG | 500 000 |
| HUSABULA KULTURSCENE | 300 000 |
| HYLLESTAD GRENDELAG | 30 000 |
| HYLLESTAD IDRETTSLAG | 206 000 |
| HYLLESTAD KOMMUNE | 495 000 |
| HYLLESTAD RØDE KORS HJELPEKORPS | 65 000 |
| HYLLESTAD SENIORDANS | 5 000 |
| HØGSKULEN PÅ VESTLANDET | 3 000 000 |
| HØYANGER BÅTFORENING | 500 000 |
| HØYANGER KOMMUNE | 100 000 |
| HØYANGER KUNSTLAG | 20 000 |
| HØYANGER RØDE KORS | 100 000 |
| HØYDALANE BYGDELAG | 45 000 |
| IDRETTSLAGET HØYANG | 68 800 |
| IDRETTSLAGET SYRIL | 1 185 000 |
| IDRETTSSENTERET AS | 50 000 |
| IDROTTSLAGET JOTUN | 30 000 |
| IKJEFJORD BYGDELAG | 10 000 |
| INDRE SOGN ALPINE REDNINGSGRUPPE | 50 000 |
| INDRE SUNNFJORD SPELEMANNSLAG | 15 000 |

| | |
|---|---|
| INIATIV VEST | 200 000 |
| INNVIK BYGDEUTVIKLING | 80 000 |
| INSTEDALEN KRINS | 65 000 |
| INVIRO AS | 2 175 000 |
| JOTUNET FLORØ | 30 000 |
| JU JITSU SOGNDAL | 25 000 |
| JØLSTER KFUK-KFUM-SPEIDARAR | 15 000 |
| JØLSTER RØDE KORS | 10 000 |
| JØLSTER SKISENTER AS | 125 000 |
| JØLSTER SOGELAG | 15 000 |
| KALVÅG KYSTLAG | 600 000 |
| KANDAL GRENDAHUS | 25 000 |
| KAUPANGER SKULE- OG UNGDOMSKORPS | 20 000 |
| KFUK-KFUM I SOGN OG FJORDANE | 150 000 |
| KINN KOMMUNE | 30 000 |
| KINNASPELET | 300 000 |
| KJØLSDALEN IDRETTSLAG | 80 000 |
| KLAKEGG GRENDATUN | 150 000 |
| KONTAKTUTVALET FOR OLDEN OG OLDEDALEN | 50 000 |
| KROKANE SANITETSLAG | 25 000 |
| KUMLE BYGDETUN | 30 000 |
| KUNNSKAPSPARKEN VESTLAND AS | 100 000 |
| KUNSTBYGDA BALESTRAND AS | 50 000 |
| KUNSTNARSENTERET I SOGN OG FJORDANE | 130 000 |
| KVALHEIM GRENDALAG | 100 000 |
| KVAMMEN IDRETTSLAG | 50 000 |
| LANGELAND SKISENTER | 500 000 |
| LAVIK IDRETTSLAG | 70 000 |
| LAVIK SKULEMUSIKK | 50 000 |
| LAVIKDAL UNGDOMSLAG | 50 000 |
| LEIKANGER MUSIKKLAG | 35 000 |
| LEIKANGER RØDE KORS | 295 000 |
| LEIKANGER SKYTTARLAG | 300 000 |
| LEIRVIK GRENDALAG | 12 000 |
| LINJEFORENING FOR ØKONOMI I SOGNDAL (ØKS) | 50 000 |
| LOEN BYGDEHUS SA | 15 000 |
| LOEN IDRETTSLAG | 140 000 |
| LOEN UTVIKLINGSLAG | 1 000 000 |
| LUNDENE VEL | 100 000 |
| LURKARLAGET | 25 000 |

| | |
|---|---|
| LUSTER RØDE KORS | 140 000 |
| LUTTPRISEN | 300 000 |
| MALAKOFF ROCKFESTIVAL | 100 000 |
| MARKAHALL | 40 000 |
| MARKANE IDRETTSLAG | 410 000 |
| MARKANE UNGDOMSLAG | 10 000 |
| MA-RUSFRI TRAFIKK SOGN OG FJORDANE | 10 000 |
| MASFJORD FOTBALLAG | 100 000 |
| MASFJORDEN KOMMUNE | 230 000 |
| MEISTERINGSSKULEN | 1 500 000 |
| MEKK OG MINGLING | 25 000 |
| MEMOAR | 5 000 |
| MIDTREDALEN GRENDALAG | 80 000 |
| MIDTTUNET VELFORENING | 50 000 |
| MUSEA I SOGN OG FJORDANE STI | 1 805 000 |
| MÅLØY BYFORENING AS | 100 000 |
| MÅLØY DARTKLUBB | 75 000 |
| MÅLØY GOLFKLUBB | 50 000 |
| MÅLØY IDRETTSLAG | 50 000 |
| MÅLØY MUSIKKLAG | 15 000 |
| MÅLØY VEKST AS | 50 000 |
| NASJONALFORENINGEN FOR FOLKEHELSEN, SUNNFJORD DEMENSFORENING | 30 000 |
| NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE | 600 000 |
| NAUSTDAL FRAM | 45 000 |
| NAUSTDAL MC KLUBB | 30 000 |
| NAUSTDAL RØDE KORS HJELPEKORPS | 10 000 |
| NAUSTDAL UNGDOMSLAG | 25 000 |
| NCMT | 700 000 |
| NESBYGDA GRENDALAG | 10 000 |
| NESBØ-DYRSTAD GRENDALAG | 20 000 |
| NFF SOGN OG FJORDANE | 1 250 000 |
| NFU VESTLAND FYLKESLAG | 30 000 |
| NHF REGION VEST | 100 000 |
| NJØS FRUKT- OG BÆRSENTER AS | 1 000 000 |
| NMK SUNNFJORD | 350 000 |
| NORANE UNGDOMSLAG | 530 000 |
| NORDEIDE-BUA | 30 000 |
| NORDFJORD KLATREKLUBB | 150 000 |
| NORDFJORDBÅTLAGET | 50 000 |
| NORDFJORDEID SANITETSFORENING | 10 000 |

| | |
|---|---|
| NORDFJORDVETERANANE | 20 000 |
| NORDSIDA UTVIKLINGSLAG | 70 000 |
| NOREGS UNGDOMSLAG | 1 000 000 |
| NORGES MUSIKKORPS FORBUND NORDVEST | 100 000 |
| NORSK FOSTERHEIMSFORENING SOGN OG FJORDANE | 22 500 |
| NORSKE REDNINGSHUNDER | 300 000 |
| NORSKE REDNINGSHUNDER SOGN OG FJORDANE DISTRIKT | 150 000 |
| NORUM SKYTTARLAG | 150 000 |
| OLDEN IDRETTSLAG | 50 000 |
| OLDEN RAUDE KROSS | 30 000 |
| OLDEN UNGDOMSLAG | 30 000 |
| OPERAKYSTEN | 20 000 |
| OPPLEV LEIKANGER | 50 000 |
| OPPSTRYN OPPVEKSTFOREINING (FAU) | 50 000 |
| ORIGOD | 2 000 000 |
| ORTNEVIK GRENDELAG | 100 000 |
| PENSJONIST-FORBUNDET SOGN OG FJORDANE | 350 000 |
| PLASTDUGNADEN 2025 | 1 031 545 |
| PRESTEHOLTEN GRANNELAG | 45 000 |
| RAKE GRENDALAG | 80 000 |
| REDD BARNA | 150 000 |
| SANDANE GOLFKLUBB | 1 000 000 |
| SANDANE T&IL | 70 000 |
| SANDE HELSELAG NASJONAL-FORENINGEN FOR FOLKEHELSEN | 30 000 |
| SANDE OG BYGSTAD SKULEMUSIKK | 60 000 |
| SANDE SKULE FORELDRERÅDETS ARBEIDSUTVALG (FAU) | 50 000 |
| SELJE IDRETTSLAG | 20 000 |
| SINJARHEIM SA | 25 000 |
| SJØSPRETTEN | 50 000 |
| SKAVØYPOLL IDRETTSLAG | 400 000 |
| SKEI MILJØUTVIKLING | 420 000 |
| SKJEGGNISSENE | 30 000 |
| SKJOLD HESTESKOKLUBB | 25 000 |
| SKOGSELSKAPET I SOGN OG FJORDANE | 160 000 |
| SKØY | 100 000 |
| SLÅTTEN SKULEMUSIKK | 20 000 |
| SMIL-FOND SUNNFJORD OG OMEGN | 35 000 |
| SOGN FRILUFTSRÅD, KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESSKAP | 1 351 500 |
| SOGN KULTURFEST | 20 000 |
| SOGN NÆRING AS | 1 000 000 |
| SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG | 160 000 |
| SOGN OG FJORDANE FRIIDRETTSKRINS | 190 000 |
| SOGN OG FJORDANE MS-FORENING | 20 000 |
| SOGN OG FJORDANE RØDE KORS | 1 000 000 |
| SOGN OG FJORDANE SKIKRINS | 150 000 |
| SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG | 4 500 000 |
| SOGN RACKETKLUBB | 50 000 |
| SOGN SKISENTER | 400 000 |
| SOGN U40 | 150 000 |
| SOGNDAL DYKKARKLUBB | 300 000 |
| SOGNDAL HESTEALSLAG | 40 000 |
| SOGNDAL IDRETTSLAG | 1 105 000 |
| SOGNDAL KOMMUNE | 760 000 |
| SOGNDAL KØYRE OG RIDEKLUBB | 180 000 |
| SOGNDAL RØDE KORS | 145 000 |
| SOLUND MUSIKK OG TEATERVERKSTAD | 6 000 |
| SOLUND SKULEMUSIKKORPS | 50 000 |
| SOLUNDFEST | 30 000 |
| STAD KOMMUNE | 310 000 |
| STADHEIMGARDEN GRENDALAG | 50 000 |
| STADLANDET GRENDAHUS | 80 000 |
| STADLANDET UNGDOMSLAG | 35 000 |
| STANGFJORD BRUKSSKULE AS | 100 000 |
| STARDALEN BARNEHAGE SA | 10 000 |
| STAVANG VEL | 35 000 |
| STIFTELSEN FARGESPILL | 300 000 |
| STIFTELSEN MÅLØYRAID SENTERET | 100 000 |
| STIFTELSEN NØYSOMHET | 150 000 |
| STIFTELSEN SVANØY HUS | 5 050 000 |
| STIFTELSEN WILLIAM H SINGER JR`S OG ANNA BRUGH SINGERS MINDE | 300 000 |
| STIFTINGA DRIVKRAFT | 40 000 000 |
| STIFTINGA FRIVILLIGSENTRALEN I EID | 15 000 |
| STIFTINGA LIATUNET | 50 000 |
| STIFTINGA NORSK COUNTRYTREFF | 230 000 |
| STIFTINGA NORSK KVERNSTEINSENTER | 30 000 |
| STIFTINGA OPERA NORDFJORD | 150 000 |
| STIFTINGA SVANHILD | 200 000 |

| | |
|---|---|
| STIFTINGA UTLADALEN NATURHUS | 400 000 |
| STONGFJORDEN GRENDAHUS | 35 000 |
| STONGFJORDEN VEL | 5 000 |
| STRYN DEMENSFORENING | 5 000 |
| STRYN GATEBILKLUBB | 50 000 |
| STRYN KLATREKLUBB | 30 000 |
| STRYN NÆRINGSHAGE AS | 80 000 |
| STRYN RØDE KORS HJELPEKORPS | 90 000 |
| STRYN SKULEKORPS | 30 000 |
| STRYN UNGDOMSLAG | 50 000 |
| STRYN VISEFESTIVAL | 30 000 |
| STUDENTSAMFUNNET I FØRDE | 80 000 |
| STUDENTSAMFUNNET I SOGNDAL | 200 000 |
| STUDENTSPRETTEN IL | 20 000 |
| STÅRHEIM BYGDELAG | 50 000 |
| STÅRHEIM IDRETTSLAG | 30 000 |
| SUDSTRANDA GRENDALAG | 25 000 |
| SUNDE KRINS GRENDALAG | 100 000 |
| SUNNFJORD AMERIKANSKE IDRETTSLAG | 50 000 |
| SUNNFJORD KOMMUNE VISNINGSSENTER ASTUPTUNET | 10 000 000 |
| SUNNFJORD KOMMUNE | 1 200 000 |
| SUNNFJORD SKISENTER AS | 800 000 |
| SUNNFJORD SKYTTARSAMLAG | 10 000 |
| SUNNFJORD UTVIKLING AS | 1 100 000 |
| SVANØY GRENDAUTVAL | 25 000 |
| SVELGEN KINO | 30 000 |
| SVELGEN OPP OG FRAM | 40 000 |
| SVELGEN SAMFUNNSHUS | 50 000 |
| SVELGEN SKULEMUSIKK | 50 000 |
| SVELGEN SONGLAG | 30 000 |
| SVELGEN TURN- OG IDRETTSFORENING | 380 000 |
| SØRSTRAND FOLKEPARK | 300 000 |
| TEATER VESTLAND AS | 2 000 000 |
| TORVUND OG AVEN GRENDELAG | 50 000 |
| TRIVSELSPLASSEN I BORGUNDVÅG | 100 000 |
| TRIVSELSSKOGENS VENNER | 100 000 |
| UTVIK UNGDOMSLAG | 16 000 |
| UTVIK VEL OG UTVIKLINGSLAG | 50 000 |
| VADHEIM MUSIKKLAG | 20 000 |
| VEGARDS KREFTTRÅKK | 100 000 |
| VEMMELSVIK KYSTFORT | 20 000 |
| VESTLAND FYLKESKOMMUNE | 2 145 000 |
| VESTLAND IDRETTSKRETS | 900 000 |
| VETERANBÅTLAG ATLØY | 100 000 |
| VETERANSKIBSLAGET STAVENES | 50 000 |
| VEVRING TAE KWON DO KLUBB | 10 000 |
| VIKANE IL | 50 000 |
| VIKANE RØDE KORS | 100 000 |
| VIKSDALEN I UTVIKLING AS | 150 000 |
| VIKSDALEN NÆRMILJØRÅD | 30 000 |
| VISIT FJORDKYSTEN OG SUNNFJORD AS | 400 000 |
| VISIT NORDFJORD AS | 200 000 |
| VITENSENTERET I SOGN OG FJORDANE AS | 200 000 |
| VM VEKTLØFTING | 5 000 000 |
| VOLDA KOMMUNE | 100 000 |
| VON IDRETTSLAG | 100 000 |
| VÅGSØY RØDE KORS | 750 000 |
| VÅRVON UNGDOMSLAG | 8 000 |
| VÅT MORO | 100 000 |
| YTRE GULEN IDRETTSLAG | 100 000 |
| YTRE SOGN OG SUNNFJORD BRASS BAND | 40 000 |
| ØVRE MÅRKROKEN VEL | 50 000 |
| ØVRE STEGANE VEL | 60 000 |
| ÅLFOTEN GRENDAHUS | 50 000 |
| ÅLFOTEN HORNMUSIKK | 50 000 |
| ÅRDAL OG HELGHEIM GRENDALAG | 230 000 |
| ÅRDAL TEKNOLOGIPARK AS | 600 000 |
| ÅRDAL UTVIKLING STI | 250 000 |
| ÅRSHEIM GRENDAHUS | 50 000 |
| ÅSE OG GRIMSET GRENDELAG | 30 000 |
| ÅSEN VEL | 20 000 |

# Opplysningar om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane


| | |
|---|---|
| Adresse: | Langebruvegen 12 |
| | 6800 Førde |
| Telefon: | 57 82 97 00 |
| Heimeside: | www.sparebankstiftinga.no |
| E-postadresse: | post@sparebankstiftinga.no |
| Føretaksnummer: | 995 883 031 |

Kontaktpersonar:
Hallvard Klakegg
direktør
Tlf. 481 67 058

Ynge Thorsen
Leiar gåver og samfunnskontakt
Tlf. 908 02 575